Mange takk for svaret!

Dette skal ikkje koste noko. Som kjent er offentlege tekstar – som vi arbeider med til dagleg – gjennomsyra av lovspråk, så vi sparer både tid og krefter dersom vi kan få eit lite ord med i laget på eit tidleg tidspunkt.

Eg sender deg to filer. Den eine inneheld lovutkastet med framlegg til språklege endringar (spora) + understrekingar av andre problem. Den andre fila inneheld merknader om både endringane og dei orda og setningane som berre er understreka. Det er mange merknader om både stort og smått, viktig og mindre viktig. For oss var det meir praktisk å få notert alt med det same enn å prioritere nokre detaljar. Vi innser at det ikkje er like praktisk for dykk. Vi vonar likevel de vil ta imot heile merknadsbunken, endå han kan verke overveldande og uhandterleg.

Vi ventar ikkje at de går gjennom alle merknadene. Kanskje de i fyrste omgang kan ta dei som eit signal om kva ein etter vårt skjønn kan/bør gjere for å fortøye teksten heilt trygt i den nynorske tradisjonen? Når de ev. har funne ut kva linje de vil leggje dykk på, kan vi godt hjelpe til med å gå gjennom teksten på ein meir praktisk måte.

Sidan det er lova og ikkje merknadene våre som skal vedtakast og trykkjast, har vi ikkje finpussa merknadene, korkje oppsettet eller innhaldet. Det kan vere noko rusk innimellom. Vi veit òg godt at mykje av det vi skriv, kan diskuterast, og bortsett frå opplagde rettingar legg vi ikkje fram endringane og merknadene som nokon fasit!

Juristen vi fekk til å lese gjennom dei fleste merknadene (på eit litt tidlegare stadium), er Tore Fjørtoft (ved Institutt for privatrett, UiO), som eg kjenner som ein stø nynorskbrukar. Sjølv har eg ingen juridisk kompetanse, så eg kan ha kome i skade for å mistyde juridiske omgrep etter at vi fikk teksten att frå Fjørtoft. Det er i så fall ein skade som kanskje kan vendast til vinning. Vi som arbeider med klårt språk i staten, meiner det kan vere verdt å ta lekmannsmistydingar med i rekninga, for dei kan gje nyttig informasjon om kvar språket kan gjerast tydelegare.

Venleg helsing
Bård Eskeland
rådgjevar

Dette dokumentet høyrer saman med eit anna dokument ("Jordskiftemerknader") der alle spora endringar og understrekingar nedanfor er kommenterte.

Formatert: Norsk (nynorsk)

# Utkast til Lov om jordskifte (jordskiftelova) og endringar i andre lover.

**Kapittel 1. Formålet med lova, vierkeområde og nokre definisjonar.**

**§ 1-1.** *Formålet med lova*

Saker etter lova skal mellom anna føre til meir tenlege og klarare forhold når det gjeld eigedommar og rettar. Eintydige grenser er ein del av dette.

Lova skal leggje til rette for rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling av sakene gjennom offentleg rettargang for uavhengige og upartiske jordskiftedomstolar. Saksbehandling og kostnader skal stå i rimeleg forhold høve til innhaldet i saka.

**§ 1-2.** *Vierkeområde*

Lova gjeld for fast eigedom og rettar knytte til fast eigedom med mindre anna er bestemt om ikkje anna er fastsett i denne eller andre lover.

**§ 1-3.** *Definisjonar*

I denne lova tyder:

a) jordskifte: bruk av verkemidla i kapittel 3 for å betre eigedoms- og rettsforholda,

b) grensesak: klarlegging og fastsettjing av grense som sjølvstendig sak etter kapittel 4,

c) rettsutgreiing: klarlegging og fastsettjing av eigedoms- og rettsforhold som sjølvstendig sak etter kapittel 4,

d) jordskifteområdet: den geografiske avgrensinga av jordskiftet, jf. § 6-17 første ledd,

e) jordskiftegrunnlaget: den samla verdien som partane rår over før endringsarbeidet tartek til, sjå § 3-18 første ledd,

f) jordskifteløysing: heil eller delvis løysing av dei problema som er til behandling i jordskiftet, sjå § 6-19 fjerde ledd,

g) jordskifteavgjerd: avgjerd frå jordskifteretten si avgjerd om verdsettjing av det som skal gå i byte i jordskifte, jordskifteløysing undervegs i saka og den endelege rettsendrande jordskifteløysinga om grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna, sjå § 6-19 fjerde ledd,

h) semjedom: rettsfastsetjande avgjerd frå jordskifteretten si rettsfastsettande avgjerd om grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna når det ikkje er tvist, sjå § 6-19 tredje ledd,

i) tiltaksjordskifte: jordskifte som er ein følgje av gjennomføring av slike tiltak som er nemnde i § 3-4 andre ledd bokstav a og

j) vernejordskifte: jordskifte som er ein følgje av offentleg regulering av eigarrådvelde som nemnd i § 3-4 andre ledd bokstav b.

**Kapittel 2. Jordskifterettane.**

**§ 2-1.** *Inndeling i jordskiftesokn*

Kongen deler riket inn i jordskiftesokn for jordskifterettane.

**§ 2-2.** *Talet på jordskiftedommarar og leiinga av jordskifterett*

Jordskifteretten skal ha ein jordskifterettsleiar, og så mange jordskiftedommarar som til kvar tid er bestemt.

Til å ta sete i jordskifteretten i ein eller fleire bestemte saker kan jordskifterettsleiaren tilkalle jordskiftedommarar som er villige til å gjere teneste, frå andre jordskifterettar. Jordskifterettsleiaren kan elles be lagmannsretten om å tilkalle slike jordskiftedommarar innanfor lagdømet.

Leiaren fordeler sakene mellom dommarane ved jordskifteretten.

Domstoladministrasjonen kan bestemme at jordskifteretten skal ha ein nestleiar. Har leiaren og nestleiaren forfall, skal den eldste jordskiftedommaren gjere teneste om ikkje nokon annan er oppnemntd.

**§ 2-3.** *Jordskiftedommarfullmektigar*

I dei jordskiftesokn der Domstoladministrasjonen finn det nødvendigmeiner det trengst, skal det bli tilsetttilsetjast jordskiftedommarfullmektigar.

Fullmektigen kan utføre oppgåver på vegner av jordskiftedommaren. Såframt det ikkje ligg føre ein forfallssituasjon som ein ikkje kunne rekne med på førehand, må fullmektigen likevel ha særskildt fullmakt for å leie rettsmøte eller avseie dom. Fullmakta blir gitt av Domstoladministrasjonen eller av jordskifterettsleiaren etter reglar gitt av Domstoladministrasjonen. Jordskiftedommarfullmektigar kan ikkje styre saker i samband med ekspropriasjon oreigning etter § 5-2 med mindre det ligg føre særlege grunnar for det.

**§ 2-4.** *Kvalifikasjonskrav til jordskiftedommarane*

Alle som blir tilsette i ei dommarstilling, skal ha slik jordskiftefagleg utdanning som blir fastsett av Kongen.

Jordskiftelagdommarar som nemnde i domstolloven § 10, må ha fylt 30 år.

Jordskiftedommarar må ha fylt 25 år.

Jordskiftedommarfullmektigar må ha fylt 21 år. Kongen fastset karakterkrav for jordskiftelagdommar, jordskiftedommar og jordskiftedommarfullmektig.

**§ 2-5.** *Utnemning og konstitusjon av dommarar*

Ved utnemning og konstitusjon av dommarar til jordskifterett gjeld domstolloven §§ 55–55 j.

**§ 2-6.** *Anna personale*

Jordskiftedomstolane skal ha nødvendig personale det personalet som trengst for å utføre teknisk arbeid i samband med sakaene og til å førebu saker. Ved lagmannsretten bør dette personalet ha utdanning som jordskiftedommar.

Domstoladministrasjonen fastset kor stort personalet ved den enkelte retten skal vere.

For personalet gjeld reglane i kapittel 6 i domstolloven så langt dei høver.

**§ 2-7.** *Utval av meddommarar til saker for jordskifterett*

I kvar kommune skal det vere eit eige utval av meddommarar til saker for jordskifteretten. Dei som er med i utvalet, skal vere kunnige i saker jordskifteretten vanlegvis har. Jordskifterettsleiaren fastset kor mange det skal vere i utvalet frå kvar kommune. Utvalet blir peika ut etter reglane i domstolloven om val av meddommarar. Lagrettemedlemer, meddommarar og skjønnsmenn er ikkje fritekneatt for val til utvalet for saker for jordskifterett.

**§ 2-8.** *Talet på dommarar i den enkelte sak saker for jordskifterett*

Jordskifteretten blir sett med ein jordskiftedommar. Om ein part krev det, skal jordskifteretten bli sett setjast med to meddommarar. Meiner jordskiftedommaren at det er ønskeleg av omsyn til ei forsvarleg behandling av sakatrengst, skal jordskifteretten bli sett setjast med to meddommarar sjølv om ingen av partane har kravt detdet ikkje er reist krav om det frå nokon part i saka.

I tiltaks- eller vernejordskifte som byggjer på føresetnadene i § 3-4 andre ledd bokstavane a og b, skal jordskifteretten bli sett setjast med fire jordskiftemeddommarar. Jordskifteretten skal i slike saker bli settsetjast med to meddommarar dersom ein partav partane krev det, og jordskiftedommaren finn det forsvarleg.

I omfattande saker kan jordskiftedommaren fastsetje at ein eller to varameddommarar og ein varajordskiftedommar skal følgje forhandlingane for å tre inn ta sete i jordskifteretten ved forfall.

Jordskiftedommaren set frist for å krevje meddommarar. Avgjerd om talet på meddommarar må vere tatt teken før innkallinga til første rettsmøte etter § 6-13 til første rettsmøte.

**§ 2-9.** *Kva for utval meddommarane skal bli oppnemnt nemnast opp frå*

Jordskifteretten blir sett med meddommarar frå utvalet for saker for jordskifterett etter § 2-7.

Når jordskifteretten held skjønn som eiga sak, skal meddommarar nemnast opp~~bli oppnemnde~~ frå utvalet av skjønnsmenn etter lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker ~~med mindre~~ om ikkje anna er fastsett i den lova som skjønnet er heimla i.

Om eit skjønn blir halde som ei særskild sak og det kjem ~~Kjem det i eit skjønn som blir behandla som eiga sak,~~ eit krav om å utvide saka til å omfatte ei anna sak for jordskifterett, skal jordskifteretten gjennomføre behandlinga med dei meddommarane som er nemnde i andre ledd, ~~med mindre~~ om ikkje utvidingsdelen kan avgjerast~~bli avgjort~~ etter § 2-8 første ledd av jordskiftedommaren som einedommar.

**§ 2-10.** *Oppnemning av meddommarar*

Jordskiftedommaren nemner opp meddommarar og varameddommarar frå dei utvala som er nemnde i § 2–7 ubunde~~n~~ av kommunegrenser. Skal retten etter § 2–9 ha meddommarar frå skjønnsmannsutvala, ~~opp~~nemn~~e~~ar jordskiftedommaren dei opp ubunde~~n~~ av fylkesgrenser.

Meddommarane skal ha best mogleg greie på dei viktigaste sidene av saka~~Så langt råd skal meddommarane vere særleg kunnige i det som saka i hovudsak gjeld~~. Om ~~det er~~ mogeleg~~,~~ skal det ~~bli oppnemnt~~ nemnast opp meddommarar av båe kjønn.

Dersom ein eller fleire av dei oppnemnde meddommarane ikkje møter, eller ikkje kan gjere teneste, og heller ikkje nokon av dei oppnemnde varameddommarane kan møte innan rimeleg tid, kan jordskiftedommaren nemne opp andre meddommarar for møtet. I slike tilfelle kan også meddommarar som ikkje står i utvalet, bli oppnemnde dersom det ikkje let seg gjere innan rimeleg tid å få tak i nokon som står i utvalet.

**§ 2-11.** *Forsikring*

For forsikring frå meddommarar gjeld domstolloven § 100.

**Kapittel 3. Jordskifte~~.~~**

I. Bruk av verkemiddel, vilkår og sperretid~~.~~

**§ 3-1.** *Bruk av verkemiddel*

For å løyse problema i saka~~,~~ kan jordskifteretten bruke eit eller fleire av verkemidla i §§ 3-6 til 3-15.

Jordskiftet skal ~~bli gjennomført~~haldast etter reglane i §§ 3-16 til 3-30 og i kapittel 4 og 6.

**§ 3-2.** *Samla nytte av jordskiftet*

Den samla nytten av jordskiftet skal vere større enn summen av kostnadene etter § 7–1 første ledd, pålagde investeringar og kostnader med skjønn etter §§ 5-3 og 5-4.

**§ 3-3.** *Vilkår knytte til ~~den enkelte~~ kvar enkelt eigedom*

Eit ~~J~~jordskifte~~t~~ kan ikkje ~~bli gjennomført~~ haldast dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for kvar ~~enkelt~~ eigedom.

I jordskifte etter § 3-15 må kvar ~~enkelt~~ eigedom få sin del av verdiauken i jordskifteområdet.

**§ 3-4.** *Grunnlaget for vurdering av vilkåra etter §§ 3-2 og 3-3*

Under-vegs i eit jordskifte prøver jordskifteretten vilkåra i §§ 3-2 og 3-3 ved å halde jordskiftegrunnlaget opp mot ei førebels vurdering av jordskifteløysinga og kostnade~~r~~ne etter § 7-1 første ledd. Ved avslutting av jordskiftet skjer prøvinga ved å halde den endelege jordskifteløysinga og kostnade~~r~~ne etter § 7-1 første ledd opp mot jordskiftegrunnlaget.

Dersom jordskiftegrunnlaget blir endra som følgje av:

a) gjennomføring av tiltak, bygging, utbetring, vedlikehald, drift og nedlegging av anlegg,

b) offentleg regulering av eigarrådvelde eller

c) godkjent reguleringsplan eller ~~bebyggelsesplan~~ utbyggingsplan for eit byggjeområde etter plan- og bygningsloven,

skal jordskifteretten ta utgangspunkt i dette ved prøving av vilkåra.

Jordskifteretten er ikkje bunden av partane sine påstandar om vurderingane. Retten må ~~gjennomføre~~ gjere sjølvstendige vurderingar.

**§ 3-5.** *Sperretid for nytt jordskifte*

**Formatert:** Norsk (nynorsk)

Det som tidlegare har vore under jordskifte etter lova her eller tidlegare jordskiftelov, kan ikkje bli tatt takast opp til ny jordskiftebehandling før det har gått 10 år etter det førre jordskiftet. Det same gjeld dersom jordskifte er nekta fordi vilkåra etter §§ 3-2 og 3-3 ikkje var til stades.

Sperretida på 10 år gjeld ikkje når naturskade, endringar som nemnde i § 3-4 andre ledd bokstavane a til c, handel med areal og liknande, gjer at det ikkje er naturleg å rekne området som tidlegare skifta.

II. Kva for endringar eit jordskifte kan gå ut på.

**§ 3-6.** *Ombyting av grunn, rettar og tyngsler*

Jordskifteretten kan forme ut eigedommar på nytt ved ombyting av grunn, rettar og tyngsler. For allmenningar gjeld § 1-4 i lov om bygdeallmenninger av 19. juni 1992 nr. 59, og § 4-2 i lov om skogsdrift m. v. i statsallmenningene av 19. juni 1992 nr. 60.

Føresegna her gjeld ikkje for samane sin rett til reindrift.

**§ 3-7.** *Løyse opp og opprette sameige*

Jordskifteretten kan heilt eller delvis løyse opp eller opprette sameige mellom eigedommar. Dette gjeld grunn, rettar og tyngsler.

**§ 3-8.** *Dele og forme ut eigedommar, rettar og tyngsler*

Jordskifteretten kan dele og forme ut ein eigedom med tilhøyrande rettar og tyngsler etter eit bestemt verdiforhold.

Jordskifteretten kan dele og forme ut eigedommar, rettar og tyngsler når dei skal bli avhendaavhendast i samsvar med formålet i jordlova.

**§ 3-9.** *Avløysing av bruksrettar*

Jordskifteretten kan avløyse bruksrettar, under dette positive servituttar og andre bruksrettar.

Ved avløysing av bruksrett skal bruksrettshavaren få ein eigedomspart med ein verdi som svarar til bruksretten. Vederlaget må ikkje ha større verdi for den eigedommen bruksretten ligg på, enn den verdiauken det fører med seg for eigedommen får ved å bli kvitt bruksretten.

Dersom det ikkje lar lèt seg gjere å leggje ut ein eigedomspart som vederlag for bruksretten i samsvar med andre ledd, og bruksordning etter § 3-11 ikkje fører fram, kan bruksretten likevel avløysast avløysing likevel bli gjennomført om det lar lèt seg gjere på formålstenleg måte utan skade for nokon part. Jordskifteretten fastset vederlaget til i pengar eller andre verdiar.

Føresegna her gjeld ikkje samane sin rett til reindrift.

**§ 3-10.** *Avløysing av negative servituttar*

Jordskifteretten kan avløyse negative servituttar som klart er til meir til skade enn gagn såframt mishøvet ikkje kan bli retta rettast ved endring etter § 3-12.

Ved avløysing skal eigaren svare vederlag i areal, pengar eller andre verdiar.

Vederlaget må ikkje bli sett setjast lågare enn det retten er verd for rettshavaren.

**§ 3-11.** *Bruksordning*

Jordskifteretten kan gi reglar om bruken i:

a) område der det er sambruk mellom eigedommar.
b) område der det ikkje er sambruk mellom eigedommar.
c) personlege sameige i skogeigedom.
d) personleg sameige i eigedom som for storparten ligg over barskoggrensa.
e) område i det samiske reinbeiteområdet der det går føre seg er reindrift.

Retten kan ikkje regulere tilhøva mellom dei som utøvear slik reindrift.

Jordskifteretten kan ordne tilhøva mellom eigar og bruksrettshavar og mellom bruksrettshavarane innbyrdes. Mellom anna kan retten avgrense feltet for utøving av bruksrett, gi reglar om bruksmåte og flytte bruksrett frå ein stad til ein annan eller frå ein eigedom til ein annan. Om det blir kravt, kan saka bli avgrensa til å fastsetje delingsgrunnlaget for ulike slag bruk dersom formålet med bruken er klart.

Jordskifteretten kan ordne beitetilhøva i stats- og bygdeallmenning dersom styret for allmenningen først har gjennomført beiteordning der, og nokon ein beiterettshavar som denne ordninga vedkjem, har kravt saka inn for jordskifteretten innan seks månader.

**§ 3-12.** *Endring av negative servituttar*

Jordskifteretten kan endre negative servituttar.

Er det mykje om å gjera for ein part, og vinninga for denne parten blir monaleg større enn tapet for andre partar, kan ~~endring bli gjennomført~~ det gjerast endringar sjølv om den nye situasjonen ikkje blir like god for dei andre partane som den tidlegare.

Ved endring etter andre ledd skal dei som vinn på endringa, svare vederlag i areal, pengar eller andre verdiar. Vederlaget må ikkje ~~bli sett~~ setjast så lågt at endringa blir til skade for dei andre partane.

**§ 3–13.** *Etablering av fellestiltak med tilhøyrande investeringar*

Jordskifteretten kan etablere fellestiltak og påleggje investeringar i samband med felles utnytting og bruk av eigedommar, rettar og ~~anlegg~~ utbygging av infrastruktur.

Jordskifteretten kan etablere fellestiltak som gjeld tilhøva mellom reindrifta på eine sida, og grunneigar, festar eller bruksrettshavar på andre sida.

Ved vurdering av investering skal jordskifteretten leggje vekt på den framtidige utnyttinga av eigedommane og rettane. Retten skal også leggje vekt på behovet for og nytten av tiltaket og infrastrukturen. Retten kan ta omsyn til den økonomiske evna til partane ~~si økonomiske evne~~.

Fellestiltak som kan innebere stor økonomisk risiko, kan berre ~~bli gjennomført~~ gjennomførast av eit driftsselskap.

Vedtak om gjennomføring av risikotiltaket krev fleirtal i laget som er etablert med heimel i § 3-14. Etter at det er ~~fatta~~ gjort vedtak om å gjennomføre risikotiltaket, skal alle deltakarar i laget få ein frist på tre veker til å melde seg som ~~deltakarar~~ eigarar i driftsselskapet. Driftsselskapet skal svare vederlag til laget for utnyttingsretten. Jordskifteretten kan avgjere korleis storleiken på dette vederlaget skal ~~bli fastsett~~fastsetjast.

**§ 3-14.** *Etablering av lag med vedtekter*

Jordskifteretten kan etablere lag og gi vedtekter for drift og vedlikehald av det som er, eller skal vere, felles.

Dersom ikkje anna er ~~bestemt~~fastsett, svarar kvar deltakar i slike lag for ~~utgifter og gjeld~~skyldnader overfor tredjemann etter partshøvetalet~~sitt forholdstal~~. Inntekter blir delte på same måte.

**§ 3-15.** *Fordeling av arealverdiar og kostnader ved fellestiltak i byggjeområde*

Jordskifteretten kan fordele arealverdiar og kostnader ved ulike felles-tiltak i og for område for ~~bebyggelse~~ bygningar og anlegg etter § 11-7 nr. 1 og § 12-5 nr. 1 i plan- og bygningsloven.

III. Grunnlaget for og krav til utfallet av eit jordskifte.

**§ 3-16.** *Fastset~~t~~jing av eigedomsforholda før endringsarbeidet t~~ar~~ek til*

Før endringsarbeidet tek~~ar~~ til, skal jordskifteretten fastsetje alle grenser og andre eigedomsforhold med rettar og tyngsler så langt det ~~er nødvendig~~trengst for å ~~gjennomføre~~ halde jordskiftet slik det er avgrensa etter § 6-17.

Reglane i kapittel 4 i lova her om grensesak og rettsutgreiing gjeld tilsvarande for fastsetj~~t~~ing av grenser, rettar og tyngsler.

**§ 3-17.** *Verdset~~t~~jing ~~for~~ til jordskifteformål*

Jordskifteretten skal verdsetje det som går i byte. Jordskifteretten skal bruke verdimål som er eigna til prøving av vilkåret i § 3-3 første ledd.

Jordskifteretten kan velje mellom aktuell ~~eller~~ og potensiell verdi. Dersom potensiell verdi blir vald, må retten ~~treffe avgjerd om~~ avgjere kven som skal bere investeringane, og kor store dei skal vere.

Verdiane blir fastsette ved jordskifteavgjerd, jf. § 6-19 fjerde ledd bokstav a.

Avgjerda kan ~~bli endra~~ endrast av jordskifteretten dersom særlege grunnar talar for det~~gjer at avgjerda ikkje kan bli ståande~~.

**§ 3-18.** *Jordskiftegrunnlaget*

Den samla verdien som partane rår over, skal vere grunnlaget for endring med heimel i §§ 3-6 til 3-15.

Sameige skal ~~bli delt~~ skiftast etter partshøvet. Dersom ikkje eit særskilt høvetal er kjent eller nokon eigedom har særrettar i sameiga, skal det ~~bli delt~~skiftast etter den skatteskylda kvar eigedom hadde då

sameigeforholdet mellom dei kom opp. Er ~~den~~ ho ukjend~~t~~, skal den skylda som galdt fram til lov frå 17 desember 1836, ~~bli lagd~~leggjast til grunn. Det skal ikkje ~~bli tatt~~takast omsyn til avtak i skatteskylda.

I sak etter § 3-15 skal skiftegrunnlaget ~~bli fastsett~~ fastsetjast på grunnlag av ~~dei eigenskapane eigedommane har til utbyggingsformål~~kor eigna eigedommane er til utbygging.

**§ 3-19.** *Forslag til jordskifteløysing*

Jordskifteretten skal utarbeide forslag til jordskifteløysing. I forslaget skal det ~~bli gjort~~ gjerast greie for dei ~~forhold av rettsleg og faktisk art~~rettslege og faktiske forholda som har hatt mest å seie for løysing av problema i saka. Forslaget skal mellom anna innehalde nødvendige reglar om bruk og vedlikehald.

Jordskifteløysingar skal ikkje vere i strid med bindande føresegner om arealbruk i jordskifteområdet. Nødvendige løyve må liggje føre.

Partane skal få uttale seg.

Jordskifteløysingar skal til vanleg ~~bli behandla~~ behandlast i rettsmøte. Dersom jordskifteretten ~~finn det tilstrekkelegmeiner~~meiner det held, og ingen av partane set seg mot det, kan saka behandlast skriftleg ~~behandling bli brukt~~.

Jordskifteavgjerd under-vegs i saka kan ~~bli endra~~ endrast av jordskifteretten dersom særlege grunnar ~~gjer at avgjerda ikkje kan bli ståande~~talar for det.

**§ 3-20.** *Jordskifte etter § 3-15*

I sak etter § 3-15 skal netto verdiauke så langt råd er, ~~bli lagt~~ leggjast ut som heile utbyggingsrettar på eller inntil eigen eigedom.

Dersom verdiauken for ein eigedom berre utgjer ein del av ein heil utbyggingsrett, skal større delhavar gå framfor mindre når det gjeld retten til å få utlagt utbyggingsrett etter første ledd.

**§ 3-21.** *Korleis areal og alltidvarande bruksrettar skal bytast*

Arealverdi skal ~~bli bytt~~ bytast mot arealverdi. Alltidvarande bruksrettar skal ~~bli bytt~~bytast i alltidvarande bruksrettar eller areal til full eigedom. Arealverdi kan ~~bli bytt~~ bytast i alltidvarande bruksrettar.

Dersom det framtidige verdiforholdet mellom eigedommane ikkje blir endra på avgjerande måte ved skifte i skog og det er mindre tenleg å skifte på grunnlag av grunnverdien aleine, kan verdien av standskogen ~~bli drege~~ dragast inn i skiftegrunnlaget, eller ein kan skifte på grunnlag av samla bruksverdi. Det skal ~~ikkje~~ berre ~~bli tatt~~ takast omsyn til avvik mellom grunnverdi før og etter skiftet ~~med mindre~~ dersom nokon kan bli påført tap eller det ligg føre særlege grunnar.

Når det er mykje om å gjere for minst ein part, og vinninga for denne parten eller desse partane blir monaleg større enn tapet for dei andre partane, kan jordskifteretten byte meir arealverdi mot pengar eller annan verdi~~,~~ enn det som følgjer av første ledd. I slike tilfelle skal jordskifteretten gi eventuelle panthavarar rett til ein forholdsmessig del av vederlaget.

**§ 3-22.** *Byte av opparbeidd areal mot ikkje opparbeidd areal*

Jordskifteretten kan byte opparbeidd areal mot ikkje opparbeidd areal ~~under føresetnad av~~ på det vilkåret at den som gir frå seg ikkje opparbeidd areal, står for opparbeidinga eller betaler for ~~d~~henne, jf. også § 3-17 andre ledd. Jordskifteretten t~~ar~~ek dei nødvendige avgjerde~~r~~ne om gjennomføring av opparbeidinga, jf. § 6-19.

**§ 3-23.** *Krav på bestemt areal*

Når ein tiltakshavar med heimel til å ~~ekspropriere~~ oreigne eig noko i jordskifteområdet, skal tiltakshavaren få utlagt som sin del det arealet tiltakshavaren treng for å ~~realisere~~ gjere eit lovleg vedtatt tiltak. Det same gjeld ved regulering av eigarrådveldet.

**§ 3-24.** *Avgrensing av byte*

Areal eller bruksrettar med ei monaleg, pårekneleg ~~og monaleg framtidig~~ verdiendring~~,~~ bør ikkje skifte eigar. Det same gjeld for naturressursar, bygg, anlegg og ulemper som følgjer arealet.

Jordskifteretten skal i alle høve sjå til at ei mogeleg ~~framtidig~~ verdiendring blir så likt bytt som råd før og etter jordskiftet.

Jordskifteretten kan ikkje ~~påby~~ krevje at nokon skal gi frå seg meir av ressursar som sand, grus og torv enn han får att, dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans.

Jordskifteretten kan ikkje krevje at nokon tek~~påby nokon å ta~~ imot areal som medfører meirulemper, dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans.

Der det er fare for naturskade som for eksempel elvebrot, skred eller sandfok, skal jordskifteretten ta omsyn til det~~te~~ i jordskifteløysinga. Jordskifteretten kan ta inn investeringar i førebyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak som ein del av jordskifteavgjerda.

**§ 3-25.** *Oppgjer for det som ikkje er medrekna i arealverdien, og oppgjer når jordskifte utløyser ein auke i arealverdi*

Jordskifteretten fastset oppgjeret for det som ikkje er med i arealverdien. Oppgjeret kan vere i pengar eller annan verdi.

Blir hogst nytta som oppgjer for skog som står på areal som skiftar eigar, skal jordskifteretten sjå til at trea eller flata er forsvarleg identifisert.

Når jordskiftet utløyser auke i arealverdi, kan ~~den~~ auken ~~bli gjort~~ gjerast opp i pengar eller annan verdi så framt ingen part får redusert sin samla arealverdi.

**§ 3-26.** *Leige, feste og kjøp og sal*

Når eigaren krev det, skal eigedom som eigaren vil feste bort eller leige bort, ~~bli forma~~ formast slik at ~~den~~ han eignar seg til slikt bruk.

Jordskifteretten skal ordne forholdet mellom eigar og leigar eller festar når jordskiftet gjer det naturleg.

Jordskifteretten kan hjelpe til med å få i stand leige- og festeavtalar og avtalar om kjøp og sal.

**§ 3-27.** *Bruk av vatn, vassdrag og sjø*

Jordskifteretten kan gi nødvendige reglar om bruk av vatn, vassdrag og sjø.

**§ 3-28.** *Gjerdeplikt og gjerdehald*

Jordskifteretten kan gi reglar om gjerdeplikt og deling av gjerdehald.

Blir nokon som gir frå seg gjerde til ein annan part, pålag~~t~~d gjerdeplikt der det ikkje er gjerde eller gjerdet er dårlegare enn det han gir frå seg, skal jordskifteretten fastsetje korleis meirkostnadene skal ~~bli gjort~~gjerast opp.

**§ 3-29.** *Eigedomsdeling og samanslåing i sak for jordskifteretten*

Eigedomsdeling som gjeld areal eller rettar som inngår i sak for jordskifteretten, ~~blir utført~~ skal utførast av jordskifteretten ~~med mindre~~ om ikkje jordskifteretten ~~bestemmer~~ fastset noko anna. Jordskiftedommaren kan gi attest for samanslåing i samsvar med matrikkellova § 18.

**IV. Andre oppgåver~~.~~**

**§ 3-30.** *Andre oppgåver*

Jordskifteavgjerda skal innehalde frist for overgang til nye eigedomsforhold og andre fristar som ~~er nødvendige~~ trengst for å gjennomføre endringane som ligg i jordskiftet. Utan samtykke frå alle som er med i saka, må det ikkje bli sett kortare frist enn ein månad rekna frå forkynninga. Det skal ikkje ~~bli sett~~setjast lengre frist enn det som ~~er nødvendig~~ trengst for å gjennomføre avgjerdene. Berre i særlege tilfelle kan ein frist ~~bli sett~~ setjast til meir enn fem år~~, og ikkje i noko tilfelle kan det bli sett lengre frist~~. Fristen kan aldri vere lengre enn 10 år.

Jordskifteretten kan:

a) ~~gi reglar for~~fastsetje bruken av areala frå krav om jordskifte er s~~a~~ett fram, til saka er slutta,

b) ~~gi reglar for~~ fastsetje bruken av areala i tida frå saka er slutta og fram til jordskiftet ~~trer i kraft~~blir iverksett, og

c) tilpasse leige eller feste av grunn til eigarforholda etter jordskiftet når jordskiftet får noko å seie for leige eller feste.

Dersom nokon lir tap som følgje av ~~bruk av bokstavane a-c i~~ vedtak etter andre ledd, skal jordskifteretten fastsetje ~~storleiken på~~ vederlaget. Jordskifteretten fordeler kostnadene med vederlaget etter reglane i kapittel 7.

**Kapittel 4. Rettsutgreiingssak og grensesak~~.~~**

**§ 4-1.** *Rettsutgreiingssak*

Jordskifteretten kan klarleggje og fastsetje eigedoms- og servituttforholda:

a) i sameige,

b) i andre område der det er sambruk eller uklart om det er sambruk mellom eigedommar,
c) ved registrering av uregistrert jordsameige,
d) i område i det samiske reinbeiteområdet der det ~~går føre seg~~ er reindrift og
e) i område der det er sambruk mellom utomhusareala til eigarseksjonar.

**§ 4-2.** *Grensesak*

Jordskifteretten kan klarleggje, fastsetje og merkje grenser for:
a) grunneigedom, jf. § 5 bokstav a i matrikkellova,
b) anleggseigedom, jf. § 5 bokstav b i matrikkellova,
c) utomhusareal som ~~inngår i~~er del av ein eigarseksjon, jf. § 4 første ledd siste punktum og § 5 bokstav c i matrikkellova,
d) jordsameige jf. § 5 bokstav d i matrikkellova,
e) festegrunn, del av grunneigedom eller jordsameige som nokon har festerett til eller som kan festast bort, eller som nokon har ein tilsvarande eksklusiv og langvarig bruksrett til, jf. § 5 bokstav e i matrikkellova,
f) alle ~~former for~~ slag servituttar,
g) offentleg regulering av eigarrådvelde,
h) samisk reinbeite.

I grensesak kan jordskifteretten ta avgjerd om gjerde etter § 3-28 for den grensestrekninga som er til behandling. Når retten tek~~lar~~ avgjerd om gjerde, gjeld føresegnene i § 3-30 så langt ~~han~~ dei ~~passar~~høver.

**§ 4-3.** *Grensejustering*

Jordskifteretten kan justere grenser etter reglane i § 16 i matrikkellova.

**§ 4-4.** *Fastset~~t~~jing av grenser, rettar o.a. ved semjedom*

Dersom det ikkje er tvist, skal jordskifteretten utarbeide utkast til fastset~~t~~jing av grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna.

Det skal gjerast greie for dei viktigaste grunnane utkastet byggjer på.

Partane skal få uttale seg.

Utkastet skal behandlast i rettsmøte eller skriftleg. Jordskifteretten ~~tar~~ tek avgjerd ved semjedom.

**§ 4-5.** *Særlege grensesaker i Nordland, Troms og Finnmark*

Jordskifteretten skal merkje grensene i terrenget, koordinatfeste grensemerka, kartfeste og beskrive grensene i rettskraftig avgjerd frå Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms og Utmarksdomstolen i Finnmark eller i erklæringar som er gitt og avtalar som ~~er avgjevne eller inngått i samsvar med~~ er gjorde etter Finnmarkskommisjonens konklusjonar, jf. § 45 i lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (finnmarksloven).

§§ 4-1, 4-2 og 4-4 gjeld tilsvarande så langt dei ~~passar~~høver.

**§ 4-6.** *Særlege reglar for saker etter § 4-5*

Jordskifteretten blir alltid sett utan jordskiftemeddommarar.

Sakene er fri for rettsgebyr. Partane skal heller ikkje betale for kostnadene med grensemerking, koordinatfesting og kartlegging av grenser.

Ved kontroll av kart, utrekningar eller målearbeid med ~~vidare~~meir~~,~~ gjeld § 8-10 i lova her.

**Kapittel 5. Skjønn~~.~~**

**§ 5-1.** *Avtaleskjønn*

Jordskifteretten skal halde skjønn som partane er samde om, i samband med jordskifte. Jordskifteretten kan også halde andre skjønn som eiga sak når partane er samde om det.

**§ 5-2.** *Skjønn ved tiltaks- og vernejordskifte*

Jordskifteretten held skjønn under tiltaksjordskifte. Det same gjeld under vernejordskifte og det anten er rettskraftig avgjort av dei ordinære domstolane at det skal ~~bli ytt~~ytast erstatning for råderettsavgrensing, eller vedkomande offentlege styresmakt sjølv legg dette til grunn.

**§ 5-3.** *Skjønn etter kapittel VII i lov 21. juni 1963 nr 23 vVeglov og etter lov 14. juni 1912 nr. 1 om anlæg av taugbaner og løipestrenger m.v.*

Jordskifteretten held skjønn etter kapittel VII i veglova og etter lov 14. juni 1912 nr.1 om anlæg av taugbaner og løipestrenger m.v. § 8 når skjønnet blir halde i samband med jordskifte eller som eiga sak.

**§ 5-4**. *Skjønn ved tiltak som gjeld grøfter, kanalar, vass- og kloakkleidningar*

Dersom eit tiltak etter kapittel 3 kan få verknad for eigedommar utanfor jordskifteområdet, kan jordskifteretten halde skjønn etter vannressursloven §§ 14 og 31.

**§ 5-5.** *Saksbehandlingsreglar for skjønn ved jordskifterett*

For skjønn som jordskifteretten held i samband med jordskifte, gjeld saksbehandlingsreglane i kapittel 6. Når kapittel 6 i lova her ikkje har reglar om det aktuelle spørsmålet, gjeld lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. For skjønn jordskifteretten held som eiga sak, gjeld lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. For erstatningsskjønn jordskifteretten held etter reindriftsloven § 70 første ledd, gjeld i tillegg føresegnene i reindriftsloven § 70 andre til sjette ledd.

**§ 5-6.** *Tvist om underliggjande rettshøve*

Dersom det i skjønnssak i samband med jordskifte er tvist om eit underliggjande rettshøve om for eksempel grenser, eigedomsrett, bruksrett, tyngsler eller anna innan jordskifteområdet eller med utanforståande, skal jordskifteretten avgjere dette ved dom når det er nødvendig å ta stilling til spørsmålet for at saka skal bli avgjort. For tvistar ved skjønn som jordskifteretten held som eiga sak, gjeld reglane i ~~§ 26~~ lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker § 26.

**§ 5-7.** *Vassdrag.*

Reglane i kapitlet her gjeld ikkje for ~~ekspropriasjon~~ oreigning og regulering av eigarrådvelde i vassdrag.

**Kapittel 6. Saksbehandlingsreglar.**

**§ 6-1.** *Forholdet til tvisteloven*

Jordskiftesak etter kapittel 3 eller grensesak eller rettsutgreiing etter kapittel 4~~,~~ skal følgje~~bli behandla etter~~ reglane i kapitlet her.

Reglane i tvisteloven gjeld også for saksbehandlinga så langt dei høver, og slik det går fram av dei enkelte paragrafane i kapitlet her.

Desse reglane i tvisteloven gjeld ikkje for saker etter lova her:

a) § 1-3 om søksmålsgjenstand, partstilknyting og søksmålssituasjon,

b) kapittel 4 om stadleg domsm~~yndigheit~~akt,

c) kapittel 5 om plikte~~a~~r før ei sak blir reist,

d) kapittel 6 om behandling i forliksrådet,

e) kapittel 10 om småkravsprosessen, ~~med mindre~~om ikkje anna følgjer av kapittel 7 i lova her,

f) § 12-1(4) om bistand med prosesskriv,

g) § 18-4 om fråfall av søksmål,

h) § 19-4 (1) om når retten er bunden av ei avgjerd, så langt det gjeld jordskifteavgjerd etter § 6-19 tredje ledd bokstav a og b under-vegs i saka,

i) kapittel 20 om sakskostnader, ~~med mindre~~ om ikkje anna følgjer av kapittel 7 i lova her,

j) kapittel 29 om anke til lagmannsrett, ~~med mindre~~om ikkje anna følgjer av kapittel 8 i lova her,

k) kapitla 32 til 37.

**§ 6-2.** *Saksbehandlinga i saker ~~som nemnd i~~ etter kapittel 5 ~~(skjønn og andre avgjerder)~~*

~~Når det gjeld~~I behandlinga av skjønn og andre avgjerder som er nemnde i kapittel 5, gjeld § 5-5.

**§ 6-3.** *~~Stadleg domsmyndigheit~~Domsmakt på staden (verneting)*

Krav om jordskiftesak, rettsutgreiing eller grensesak~~,~~ skal ~~bli satt~~ setjast fram for jordskifteretten i det jordskiftesoknet der eigedommen eller eigedommane ligg.

Dersom eigedommen eller eigedommane ligg i fleire sokn, eller det er uvisst kva for jordskifterett som har domsmakt på staden~~er stadleg kompetent~~, kan kravet ~~bli sett~~ setjast fram for ein av dei.

Er krav reist ved ein jordskifterett som ikkje har ~~stadleg myndigheit~~domsmakt på staden etter første og andre ledd, skal jordskifteretten overføre saka til ~~ein stadleg kompetent~~ jordskifterett som har domsmakt på

staden. ~~Er det fleire stadleg kompetente~~ Har fleire jordskifterettar domsmakt på staden, kan den som set fram kravet, velje jordskifterett.

For overføring av ei sak til annan domstol etter søknad frå ein part eller etter tiltak frå retten sjølv~~av retten sitt eige tiltak~~, gjeld domstolloven § 38 tilsvarande.

**§ 6-4.** *Kven kan krevje sak*

Krav om jordskifte, rettsutgreiing eller grensesak~~,~~ kan ~~bli satt~~ setjast fram av den som er eigar av grunneigedom eller av eigarseksjon eller som har bruksrett, negativ servitutt eller som er festar.

I område ~~der det går føre seg~~ med reindrift etter reindriftsloven, kan leiar av reinbeitedistrikt eller utøvar av reindrift krevje jordskifte i ~~dei~~ høve som § 3-11 første ledd bokstav e og § 3-13 andre ledd nemner. Tilsvarande gjeld ved krav om rettsutgreiing etter § 4-1 og grensesak etter § 4-2.

**§ 6-5.** *Når tiltakshavar og offentleg styresmakt kan krevje sak*

Offentleg styresmakt og andre tiltakshavarar med heimel til ~~ekspropriasjon~~ oreigning til tiltak og anlegg~~,~~ kan krevje jordskiftesak etter kapittel 3 i lova her.

Offentleg styresmakt med heimel til regulering av eigarrådvelde~~,~~ kan krevje jordskifte etter kapittel 3 og grensesak etter § 4-2.

**§ 6-6.** *Fråskriving av retten til å krevje sak*

Retten til å krevje sak etter lova her kan ein ikkje skrive frå seg.

**§ 6-7.** *Formkrav til krav om sak for jordskifteretten*

Krav om j~~J~~ordskiftesak, grensesak eller sak om rettsutgreiing ~~blir reist ved skriftleg krav~~ skal fremjast skriftleg til jordskifteretten. Den som ikkje har prosessfullmektig, kan fremje krav som nemnt i første ledd munnleg og også fremje munnleg tilsvar, anke, krav om oppfrisk~~n~~ing og krav om gjenopning ved personleg oppmøte i retten. For andre prosessfullmektigar enn advokatar kan retten tillate slike munnlege prosesshandlingar. Retten set i slike tilfelle opp prosesshandlinga som prosesskriv.

I tillegg til ~~det som er sagt i første og andre~~ første ledd~~,~~ gjeld reglane i tvisteloven kapittel 12 om prosesskriv så langt dei høver.

**§ 6-8.** *Kva krav om sak for jordskifteretten skal innehalde*

Krav om jordskiftesak~~ eller om~~, rettsutgreiing eller grensesak~~,~~ skal gi grunnlag for ~~ei~~ forsvarleg og effektiv behandling av saka. Innhaldet i kravet må vere slik at dei andre partane kan ta stilling til kravet og førebu seg ~~på~~ til saka. Kravet skal også gi jordskifteretten grunnlag for å vurdere om ~~den~~ han kan behandle saka. Argumentasjonen frå den som krev saka, treng ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for å ivareta desse omsyna.

Kravet skal vise det geografiske området det ~~omfattar~~gjeld. Det geografiske området bør ~~bli~~ visast på eit kart. Krav om jordskifte skal ~~også~~ gjere greie for kva for problem ~~som skal bli løyst~~ein ønskjer å få løyst.

Så langt det er mogeleg, skal krav om jordskiftesak, rettsutgreiing eller grensesak nemne:

a) dei eigedommane saka gjeld,

b) namn og adresse ~~på~~ til partane (eigarane, bruksrettshavarane, festarane osb~~m.v~~.)

c) namn og adresse til representantar og prosessfullmektigar,

d) om det ~~er behov for~~ trengst meddommarar og om ~~desse~~ dei eventuelt bør ha særskild kunnskap, jf. § 2-10~~ i lova her~~.

Kravet skal gi ei oversikt over dei bevisa som vil bli førde, så langt den som krev sak, har oversikt over bevisa.

Tvisteloven § 12-2 om utforming av prosesskriv~~,~~ gjeld tilsvarande for seinare prosesskriv i saka.

**§ 6-9.** *~~Jordskifteretten sin k~~Kontroll med vilkåra for sak*

Når krav om jordskifte, grensegang eller rettsutgreiing kjem inn til retten, skal retten undersøkje om vilkåra for å behandle saka, er til stades.

Dersom kravet har manglar som kan ~~bli retta~~rettast, skal retten setje frist for retting, ~~og~~ gi den rettleiinga som trengst, og fortelje kva som skjer om manglane ikkje blir bøtte~~nødvendig rettleiing med opplysing om følgjene av at retting ikkje blir gjort~~, jf. § 6-12.

~~Dersom manglane ikkje blir avbøta~~ Om manglane ikkje blir bøtte innan fristen, skal retten avvise saka ved orskurd.

Ei sak som er ~~tatt under~~ teken opp til behandling, skal ~~bli avvist~~ avvisast ved orskurd når jordskifteretten blir klar over at vilkåra for å behandle saka ikkje lenger er til stades, ~~under dette at~~som når vilkåra for jordskiftesak i §§ 3-2 og 3-3 ikkje kan bli oppfylte.

Partane skal som hovudregel få høve til å uttale seg i rettsmøte før det blir ~~tatt~~ teke avgjerd om avvising.

Etter at det er ført inn i rettsboka at realitetsbehandlinga av saka har ~~tatt~~ teke til, kan partane berre trekkje saka dersom retten samtykkjer.

**§ 6-10.** *Forkynning av krav ankefråsegn~~og andre prosesskriv~~*

Jordskifteretten skal forkynne krav om sak og fråsegn om anke for partane.

**§ 6-11.** *Førebuing og planlegging~~av og plan for gjennomføring av sakene~~*

Jordskifteretten skal aktivt og planmessig styre saksførebuinga og saka for å oppnå ei rask, prosessøkonomisk og forsvarleg behandling. Retten skal leggje ein plan for behandlinga etter drøfting med partane. Retten skal mellom anna fastsetje fristar og ta dei avgjerdene som trengst~~treffe nødvendige avgjerder~~. Retten skal også undersøkje om det er grunnlag for minnelege ordningar. Reglane i tvisteloven § 9-4 gjeld så langt dei høver for jordskifteretten si førebuing og gjennomføring av sakene.

Om det kjem opp tvist eller må haldast skjønn medan ei sak er oppe, skal retten ta omsyn til behandlinga av tvisten eller skjønnet i planlegginga av saka~~Oppstår det tvist, eller må det bli halde skjønn under behandlinga av ei sak, skal retten planleggje saka under omsyn til behandlinga av tvisten eller skjønnet~~. Det skal ~~bli ført~~ førast inn i rettsboka at det ~~ligg føre~~ er kome opp tvist eller må ~~bli halde~~haldast skjønn.

**§ 6-12.** *Rettleiing*

Jordskifteretten skal rettleie partane ~~gi partane slik rettleiing~~ om reglar og rutinar for saksbehandlinga og andre formelle forhold som dei må kjenne til for å ~~er nødvendig for at dei skal kunne~~ ta vare på ~~sine~~ interessene~~r~~ sine i saka. Retten skal førebyggje feil og gi rettleiing slik at feil blir bøtte~~Retten skal søkje å førebyggje feil og skal gi den rettleiing som er nødvendig for at feil skal bli retta opp~~.

Jordskifteretten skal gi rettleiing slik at avgjerda i saka blir rett~~som bidrar til at saka får ei riktig avgjerd ut frå dei~~
~~faktiske forholda og dei aktuelle reglane~~.

Elles gjeld reglane om rettleiingsplikt i tvisteloven § 11-5 tilsvarande ~~for jordskifteretten si rettleiingsplikt,~~ så langt dei høver.

**§ 6-13.** *Innkalling*

Jordskifteretten fastset når saka skal ~~bli behandla~~behandlast. Retten skal forkynne innkalling til det første rettsmøte til alle saka vedkjem. Namna~~et~~ til medlemene av retten ~~retten sine medlemer~~ skal stå i innkallinga. Varselfristen skal vere minst to veker. Om nokon som skal ha varsel, er fråverande eller busett utanfor kommunen, og tilhaldsstaden til vedkomande ikkje er kjend~~t~~, eller om vedkomande er busett utanfor riket, kan varsel ~~bli gitt~~givast på siste kjende bustaden til vedkomande i riket, eller om denne staden ikkje er kjen~~t~~d, på åstaden.

Til dei andre rettsmøta skal partane få slikt varsel som retten finn~~er~~ høveleg.

Når nokon får innkalling til rettsmøte, skal den vedkomande har gitt prosessfullmakt, også få innkalling.

Er eigedoms- eller brukstilhøva ugreie, eller ~~finner~~ meiner jordskifteretten det ~~nødvendig~~ trengst av andre grunnar, kan ein kalle inn med ~~innkalling skje ved~~ lysing i Norsk lysingsblad og i eitt eller fleire lokalblad og med oppslag. Varslet skal i slike tilfelle ~~vere gitt~~ givast minst 6 veker på førehand rekna frå den dagen kunngjeringa ~~står~~ i lysingsbladet.

Elles gjeld reglane i tvisteloven kapittel 13 I Rettsmøter, om rettsmøte, innkalling av partar, prosessfullmektigar, vitne og sakkunnige, og om gyldig fråver frå rettsmøte, tilsvarande for jordskifteretten så langt dei høver.

**§ 6-14.** *Plikt til å møte og forklare seg*

Partar og vitne har plikt til å møte og til å forklare seg når dei er særskilt innkalla.

Alle partar skal ha informasjon om rettsmøte som dei ikkje blir innkalla til. Reglane i tvisteloven ~~kapittel 22 om bevisforbod og bevisfritak, kapittel 23 om partar sin møte- og forklaringsplikt, kapittel 24 om vitnebevis og 25 om sakkunnigbevis~~ §§ 22-1 til 25-6 gjeld tilsvarande for partar, vitne og sakkunnig sine plikter til å møte og gi forklaring for jordskifteretten.

Spørsmålet om å nytte tvangsmiddel eller straff høyrer under dei vanlege domstolane.

**§ 6-15.** *Andre reglar om saksbehandlinga*

Retten skal sørgje for føremålstenleg og forsvarleg saksgang med minst mogleg Retten skal sørgje for at saksavviklinga går føre seg på hensiktsmessig måte, og skjer konsentrert og forsvarleg utan unødig tidsspille for retten, partane, vitne og sakkunnige.

Fleire av desse konstruksjonane er forresten "retta" frå rett skrivemåte i 1979 (t.d. 3-18). I nokre tilfelle er det ekstra uheldig med omskriving av -ast, for hjelpeverbet slår fast modaliteten, som er avgjerande i mange paragrafar. Til dømes er "kan dragast" eit løyve til aktiv handling, medan "kan bli drege" helst er ei konstatering av at noko kan skje: "verdien av standskogen [kan] bli drege (> dragast) inn i skiftegrunnlaget", 3-21. (Her ser ein òg korleis samsvarsbøyingsfeil lett blir følgja av omskriving til partisipp). Vi har same stad funne eitt tilfelle der omskrivinga er på sin plass av same grunn: "med mindre nokon kan bli påført (< påførast) tap"!

- skal det bli tilsett (2-3); bli sett (2-8 (x 4)); bli oppnemnt/-de (2-9, 2-10), bli avgjort (2-9), bli gjennomført (3-1, 3-3, 3-12, 3-13), bli tatt (3-5), bli avhenda (3-8); bli fastsett (3-13), bli endra (3-17), bli delt (3-18), bli lagd/-t (3-18, 3-20), bli tatt (3-18, 3-21, 6-17, 7-8), bli gjort (3-19), bli brukt (3-19), bli bytt (3-21 x 3), bli drege (3-21), bli gjort (3-25, 3-28), bli forma (3-25), blir utført (3-29), bli sett (3-30 x 3), bli ytt (5-2), bli satt[!], sett (6-3 x 2, 6-4), bli halde (6-11 x 2), bli vist (6-8), bli løyst (6-8), bli ført (6-11), bli behandla (3-19, 6-13, 7-3, 8-2), bli gitt (6-13 x 2, 6-24), blir kravde (6-15) > krevst, bli avvist(e) ) (6-17), bli gitt (6-20 x 2), bli forkynt (6-21), bli oppbevart (6-22), bli tinglyst (6-22), bli ført (6-23), bli underteikna (6-23) > underskrivast, bli dekka (6-26), bli betalt (7-1 x 2, 7-3 x 2), bli fastsett (7-1), blir fordelt[e] (7-7), bli lagt (7-7), bli utlikna (7-8), bli overprøvd (8-1), bli sett (8-1, 8-2 x 4), bli gjort (8-2, 8-15 x 2), bli brukt (8-4 x 3), bli fremja (8-4), bli anka (8-2, 8-4 x 2), bli utsett (8-4), bli sendt (8-6), bli forkynt (8-6), bli sett (8-8), bli endra (8-9), bli retta (8-10 x 2, 8-15 x 2), bli rekna (8-13), bli gjennomført (8-15), bli kravd (> omskrive til aktiv) (8-15), bli utbetalt (9-1 x 2)

# 2 Ymist om ord og ordlegging

**Jordskiftet som forsvann**
Historisk og allmennspråkleg sett er det ikkje uproblematisk å setje overomgrepet *jordskifte* opp mot *jordskifteløysing*, *jordskifteavgjerd* og *jordskiftesak*. I lovutkastet er ikkje skiljet like tydeleg alltid, og tilhøvet mellom samansetningane med er heller ikkje heilt klårt. Definisjonen av jordskifteavgjerd verkar sprikjande, for ikkje å snakka om sjølve omgrepet avgjerd, som figurerer på fleire nivå, dels i motsetning til seg sjølv.

Alle samansetningane er nyttige i og for seg, men *jordskifte* eller berre *skifte* kan godt nyttast alle stader der presisering ikkje trengst (som i lova frå 1979). *Jordskifte* må som før kunne tyde både saka, utfallet og resultatet, nett som synonymet og verbalsubstantivet "fordeling" ville ha gjort. *(Jord)skifte* er både overomgrep og noko som blir presisert av samanhengen. Det gjeld både jordskifte og anna skifte (jf. arvesaker). I den nye lova står *jordskifte* mange stader att som ein umotivert rest mellom underomgrepa som det elles er skift ut med.

Det må reknast som eit allmennspråkleg tap om *(jord)skifte* blir delt i tre og tappa for innhald som overomgrep. Vi meiner omgrepsbruken treng ein grundig gjennomgang og kjem gjerne attende til saka.

**Kortform og langform av lovnamn**

Jamfør 3-8 (jordlova) med 3-6.

**Enkel bestemming**

Før relativsetning (markert med REL nedanfor) er det hevd for enkel bestemming i nynorsk, med grunnlag i tradisjonelt talemål. I dag blir det likevel reknar som stivt og skriftleg. Har endra i alt så nær som 2-3 ("dei jordskiftesokn[ene/-a] der ..."  (berre markert)), der genus kan vurderast på nytt.

Her har vi endra til bunden form i teksten:

- REL: dei problem som (1-3 g) > ... problema (jf. kontrasten til "den verdien som" i 1-3 e)
- REL: I dei jordskiftesokn der ... (2-3) > I jordskiftesokn der
- Dei forhold av rettsleg og faktisk art > Dei rettslege og faktiske forholda (el. tilhøva) (3-19)
- Talet på dommarar i den enkelte sak for jordskifterett > ... i saker for (2-8). (Merk at det er uråd å feillese dette som summen av saker i motsetnad til "i den enkelte sak". Presiseringa er overpresisering.
- dei nødvendige avgjerder (3-22) > ... avgjerdene
- det areal (3-23) > det arealet
- REL: den grensestrekning som > ... grensestrekninga (4-2)
- REL: i dei høve som > i høve som (6-4)
- REL: det geografiske område det omfattar (6-8) > ... området
- REL: dei bevis som vil bli førde > ... bevisa (6-8)
- sine interesser > interessene sine (6-12)
- REL: dei bevis dei har > dei bevisa dei har (6-16)
- REL: dei krav som er reist i saka > ... krava som er reiste ... (6-17)
- REL: det området saka gjeld (6-17)
- REL: Med dei unntak som > ... unntaka som (8-4)

Jamfør òg avsnitta om «nødvendig» og «enkelt».

**Tal**

i samband med saka > sakene (2-6)
dersom ein av partane krev det (2-8) > dersom ein part krev det

**Naken form**

- ha nestleiar > ha ein nestleiar (2-2)
- å omfatte anna sak for jordskifterett > ... ei anna ... (2-9)
- dersom ikkje særskilt høvetal er kjent > ... eit særskilt høvetal ... (3-14)
- Jordskifteløysing skal > Jordskifteløysingar skal (3-19); jamfør andre ledd
- panthavar > eventuelle panthavarar (3-21)
- Når tiltakshavar > Når ein tiltakshavar (3-23)
- til annan part > til ein annan part (3-28)
- (endeleg) jordskifteløysing og kostnader > (den endelege) jordskifteløysinga og kostnadene (3-4 x 2)
- Krav om jordskiftesak, rettsutgreiing eller grensesak skal gi grunnlag for ei forsvarleg og effektiv behandling av saka > ... for forsvarleg ... (6-8) [Alternativ: la ”ei” stå og legg til ”Eit” føre ”krav]
- Krav om jordskifte skal ... (6-8) kan tolkast som fleirtal. Om det ikkje er meininga, bør det stå: ”Eit krav om jordskifte skal ...”
- Dom skal > Dommar skal (6-20)
- Semjedom, jordskifteavgjerd, orskurd og skjønn ... skal > Semjedommar, jordskifteavgjerder, orskurdar og skjønn ... skal (6-20 x 2)
- Rettsforlik skal > Eit rettsforlik skal (6-22) (Kan ikkje tolkast som fleirtal, for det står i bunden form eintal i neste ledd.)
- som sak for jordskifteretten fører med seg > ... saker ... (6-25)
- Kostnad eller yting som i slik sak er pålagt eigar eller bruksrettshavar (6-28) > Kostnader eller ytingar som i slike saker er pålagde ... (6-28)
- arbeidstida i sak > saka (7-3) (= 1979)
- Når sak for jordskifterett > Når ei sak for jordskifteretten (7-3)
- skal i slik sak > skal i slike saker (8-2)
- Avgjerd om ... kan > Ei avgjerd om ... kan (8-2)
- førebu sak etter > førebu ei sak etter (8-2)
- Gjeld anke dom eller semjedom > Ein anke over ein dom eller semjedom ... (8-4)
- Frist for > Fristen for (8-5)
- slik anke blir > ein slik anke blir (8-10)
- i samband med ankesak > i samband med ei ankesak (8-10)
- sak lagmannsretten har avgjort > saker lagmannsretten har avgjort (8-14)
- Avgjerd tatt > Avgjerder tekne (8-14)
- at slik feil (8-10) > at ein slik feil (sjå òg bolk 3)
- vedkomande jordskiftedommar (7-1, 9-3, 9-5) > ”jordskiftedommaren” (7-1, 9-3) (sjå òg *vedkommande*). Overpresisering, umogleg å mistyde.
- føresetnadene som er lagde til grunn for jordskifteavgjerd > ... jordskifteavgjerda [el. jordskiftet] (8-15)
- Skyldnad som > Ein skyldnad som (9-2)

*Ikkje endra i teksten enno:*

- III Grunnlaget for og krav til > a) grunnlag for og krav til / b) grunnlaget for og krava til? (3-16; <u>berre markert</u>)

- grunneigar, festar eller bruksrettshavar – sjå i samanheng med ev. omskriving av «reindrifta» (3-13, berre markert)
- N: leiar av reinbeitedistrikt eller utøvar av reindrift > leiarar ... utøvarar (6-4) (berre markert)

  (Merk: setje frist (utan «ein») er rett og godt.)

**Preposisjonar**

*på > til*

- Førebu seg på saka > til (6-8)
- namn og adresse på > til (6-8; slik i same paragraf!, 8-6)

*for > til*

- Verdsetjing for jordskifteformål (3-17) > til
- tilbake til jordskifteretten for ny behandling (8-9, 8-11): Helst berre > tilbake til ny behandling i jordskifteretten (Berre markert) – i alle fall "til ny" (som i 1979), har retta til det

*for = når o.l.*

- For overføring av ei sak ... gjeld domstolloven (6-3) = Domstolloven ... regulerer om ei sak kan overførast
  Ikkje markert
- For ny behandling i jordskifterett eller i ankeinstans etter at krav om gjenopning er tatt til følgje, skal det bli betalt gebyr som for ny sak (7-3) = Når ei sak skal behandlast på nytt ...
  Ikkje markert
- For skjønn som blir ... gjeld lov ... for (7-5) = Når skjønn blir ...
  Ikkje markert

*Anna*

- fastset vederlaget til pengar > i
- sak som er tatt under behandling > ... teken opp til (6-9)
- under føresetnad (3-22 ofl.), sjå "under forutsetning av at"
- avseiing og melding om avgjerd > avseiing av og ... (6-21)
- i medhald av > etter (6-22)
- jordskifteløysinga om (1-3), berre markert, må endrast
- gjeld ved skjønn > gjeld for skjønn (slik i fyrste punktum) (7-5)
- feil ved saksbehandlinga eller rettsbruken > feil i ...? (8-11, berre markert)
- ved sida av eigar og brukar (9-3): Kan godt flyttast til rett etter "jordskiftedommaren", men er vel eigl. unødvendig – nok med: "har jordskiftedommar, eigar og brukar"?
  Berre markert.
- Kan ein seia «rettskraft ... av avgjerder»? (6-28). Eller står rettskraft for seg sjølv?
  Ikkje markert.
- rettsmiddel over avgjerd: rettsmiddel mot avgjerd? (8-4)
  Berre markert

**Pronomen**

*Den > han/ho*

- er den [skatteskylda] ukjend > er ho ukjend
- står for opparbeidinga eller betaler for denne (3-22) > den > henne
- skal eigedom som ... formast slik at den > han (3-25)
- Kravet skal også gi jordskifteretten grunnlag for å vurdere om den kan > ... om han kan (6-8)

Jamfør mønstergyldig bruk her: ”gjeld § 3-30 så langt han ...” (4-3); retten kan ... når han (6-27); ”oppheve henne” (8-11). Men i 3-30 er det likevel betre med > ”føresegnene i § 3-30 så langt dei”.

*Unødvendig repetisjon av substantiv*

- Finn lagmannsretten at det er gjort slike feil ved saksbehandlinga eller rettsbruken at jordskifteavgjerda må gjerast om, kan lagmannsretten > ... kan han (8-11)
- Eigedomsdeling som gjeld areal eller rettar som inngår i sak for jordskifteretten, blir utført av jordskifteretten med mindre jordskifteretten bestemmer noko anna (3-29).
  <u>Berre markert</u>, men helst han/retten.

*Anna unødvendig påpeiking*

- Der det er fare for naturskade som for eksempel elvebrot, skred eller sandfok, skal jordskifteretten ta omsyn til dette > ... det (3-24)
- om dette let (9-2): Helst: om det lèt
  <u>Berre markert</u>
- ta eit rettkjent utdrag av rettsboka og få dette tinglyst > det (6-22)
- om det er behov for meddommarar og om desse > dei (6-8)

*Anna*

- og nokon beiterettshavar > og ein beiterettshavar (= meir idiomatisk; den logiske skilnaden er helst teoretisk)
- Når jordskiftet utløyser auke i arealverdi, kan den > ... kan auken (<u>men betre</u>?: jordskiftet aukar arealverdien, kan auken) (3-25)
- heile eller deler av avgjerda (8-11) > både heile avgjerda og delar av henne (jf. formuleringa i neste ledd: ”delar av henne”)

**Substantivisme**

*-ing skjer*

- kan innkalling skje ved lysing > kan ein kalle inn med lysing (6-13)
- bevisføringa skjer > bevisa skal førast (6-15)

*-ing av = å -e*

- moglegheita til overprøving av (6-19) > høvet til å overprøve

*Liggje føre*

- Såframt det ikkje ligg føre ein forfallssituasjon som ein ikkje kunne rekne med på førehand, må ... (2-3). <u>Berre markert</u>! Framlegg dersom ikkje noko juridisk er i vegen for det: > ”Om det ikkje er uventa forfall, må ...”. <u>Må i alle fall endrast!</u>
- OK: nødvendige løyve må liggje føre (3-19);
- ligg føre tvist (6-11) > er kome opp tvist

*Grunnar ligg føre*

- det ligg føre særlege grunnar (3-21, 7-6). Berre markert. Helst: > det er særlege grunnar for det
- med mindre det ligg føre særlege grunnar for det (2-3). Berre markert. Gjerne berre: > utan særleg grunn

Jamfør 3-17 og 3-19: "særlege grunnar gjer [det slik og slik]", som er vanleg (t.d. lover om hittegods, mortifikasjon, eigedomsskatt); i andre lover står det òg m.a. "særlege grunnar (er) for det" (oreigning, brudvigjing, bilansvarslova)

*Anna*

- dei eigenskapane eigedommane har til utbyggingsføremål > kor eigna eigedommane er til utbygging (3-18)
- kan skriftleg behandling bli brukt > kan saka behandlast skriftleg (3-19)
- partane si økonomiske evne (3-13) = Trad. "kor god råd partane har".
  Ikkje markert.
- kan skriftleg behandling bli brukt (3-19) > kan løysinga (avgjerda?) behandlast skriftleg?
  Berre markert.

**Passiv**

Dei fleste passivformuleringar er ukommenterte, òg mange som godt kunne vore omskrivne.

- Det kan ikkje bli kravd (8-15) > Ein kan ikkje krevje
- sjølv om det ikkje er reist krav om det frå nokon part i saka (2-8) > sjølv om ingen av partane har kravt det
- Avgjerd om talet på meddommarar må vere tatt før (2-8) > Dommaren skal avgjere talet på meddommarar før ...
  Berre markert
- Jordskifteavgjerd under vegs i saka kan bli endra av jordskifteretten (3-19, jf. 3-4).
  Berre markert førebels. Bør endrast til: > Jordskifteretten kan endre avgjerder som er tekne undervegs i saka. (Liknande i 3-17)
- skal det bli gitt opplysning > skal det gå fram (6-20)
- I forskrifta kan det bli gitt reglar (6-24) > Forskrifta kan ha reglar

Her er ein «deskriptiv passiv» som kanskje skal vera eit påbod (skal reisast):

- Jordskiftesak, grensesak eller sak om rettsutgreiing blir reist ved skriftleg krav til jordskifteretten. (6-7)
  > Krav om jordskiftesak, grensesak eller sak om rettsutgreiing skal fremjast skriftleg til jordskifteretten

*Foregå* om aktivitet:

- der det går føre seg reindrift (3-11, 4-1, 6-4) > med reindrift

**Genitiv**

*Sin-genitiv*

Bruk av «garpegenitiv» i samband med institusjonar gjev mange lesarar eit «personifiserande» uttrykk som verkar uheldig. Dessutan er dei tradisjonelle seiemåtane med preposisjon heilt vanlege i både talemål og i begge skriftmåla, så det er liten grunn til å ty til sin-genitiv. Dei fleste døma gjeld «retten sin».

- jordskifteretten si(ne) [...] avgjerd(er) (1-3 x 2) > avgjerd frå ...
- jordskifteretten si(ne) avgjerd(er) (6-28, 8-9) – ikkje markert, men særleg 6-28 kunne godt vore «avgjerdene til jordskifteretten», endra i 6-18
- men 6-18 overskrift > avgjerdene til jordskifteretten
- Jordskifteretten sine avgjerder skal namngje domstolen, tida og staden for avseiinga, retten sine medlemer, partane og saka sitt nummer. (6-20) > I avgjerdene frå jordskifteretten skal dette vere namngitt: domstolen, tid og stad for avseiinga, medlemene av retten, partane og saksnummeret
- jordskifteretten si rettleiingsplikt (6-12) – OK, ikkje markert
- Jordskifteretten sin kontroll med vilkåra for sak (6-9, overskrift) > Kontroll med vilkåra for sak (resten sletta). Eventuelt«Slik kontrollerer jordskifteretten vilkåra for saker»?
- jordskifteretten si førebuing og gjennomføring av sakene (6-11), berre markert, men bør heite t.d. «sakførebuing og saksgang (ev. framgangsmåte?) i jordskifteretten»

- retten sitt personale (7-2): Helst "rettspersonalet" om det betyr det same (berre markert)
- retten sine medlemer (6-13, 6-20 x 2, 6-23) > medlemene av retten
- av retten sitt eige tiltak (6-3) > etter tiltak frå retten sjølv<br>partar sin møte- og forklaringsplikt (6-14) > partars
- reduserer partane sitt rådvelde (6-23) > som gir partane mindre rådvelde
- partane sine påstandar (3-5, 6-20) = OK, ikkje markert
- Ikkje markerte, men med moglege alternativ nemnde her: partane si økonomiske evne (3-13) (òg mogleg med «den økonomiske evna til ...», «kor god råd ...»); partane si plikt til opplysning av (6-16) = kva plikt partane har til å opplyse; partane sitt ansvar (6-24) = kva ansvar partane har
- Staten sitt ansvar for partane sine kostnader (7-9). Helst: Ansvaret staten har for kostnadene til partane (berre markert)

# 3 Tradisjonell nynorsk ordlegging kontra bokmål/samnorsk

**Anlegg**
er rett nynorsk om installasjonar o.l. Men ein nyttar det lite som verbalsubstantiv.

- anlegg av infrastruktur (3-13) > utbygging av infrastruktur

**Avbøte**
er ikkje god nynorsk. Det heiter *bøte (på)*.

- Dersom manglane ikkje blir avbøta > Om manglane ikkje blir bøtte (6-9)
- feila blir retta opp > ... bøtte (6-12)
-

**Avgi**
er lite nytta. Det heiter oftast berre gi/gje.

- i erklæringar og avtalar som er avgjevne eller inngått i samsvar med Finnmarkskommisjonens konklusjonar (4-5) (= frase frå finnmarkslova) > i erklæringar som er gitt og avtalar som er gjorde etter (= endra)

Men kanskje nok med : "i fråsegner og avtaler etter konklusjonar frå Finnmarkskommisjonen"
Ikkje markert

**Avløse**

Sjå *skipe*.

**Avseiing**

- avseie dom > seie dom (2-3)
- tida og staden for avseiinga (merk: av avgjerder) (6-20) > tid og stad for avgjerda? / kvar og når avgjerda er fallen/teken
  Berre markert førebels
- Avseiing av og melding om avgjerd. (6-21) = Avgjerd og melding om avgjerd?
  Berre markert førebels
- For avseiing av avgjerder gjeld (6-21) = Når avgjerd skal seiast, gjeld?
  Berre markert førebels

Det heiter tradisjonelt seiing av dom m.m., men verbalsubstantivet seiing blir for snautt når det står åleine som i 6-20. Spørsmålet er om ikkje avgjerda blir teken i og med "seiinga", altså om avgjeringa = avseiinga (jf. at "avsi beslutning" ifølgje K.A. Utgård beint fram = "gjere vedtak"). Dette veit vi ikkje nok om, men vi vil i alle fall tilrå andre løysingar enn avseiing.

**Avvikle**

- saksavvikling (6-15) > saksgang

**Bebyggelsesplan**

- bebyggelsesplan > utbyggingsplan (3-4)
- bebyggelse og anlegg > bygningar og anlegg (3-15)

**Begynne**

- påbegynt (7-3) er i og for seg greitt, men av omsyn til tradisjonen i lovmålet rår vi til påbyrja.
- Berre markert

**Behandle**
er valt gjennomgåande i staden for t.d. *handsame*. Det tradisjonelle er *å ha føre ei sak*, og det ligg til grunn for *hovudførehaving* i 1979-teksten. Kan vurderast, men er ikkje markert.

Der enklare uttrykk høver, har vi likevel tilrådd det:

- skjønn som blir behandla som eiga sak > som blir halde som særskild sak
- bli behandla etter reglane > følgje reglane (6-1)
- ta saka under behandling > ta opp saka (6-19)
- plan for behandlinga (6-11) = saksgangen?

1979 § 93 hadde *saka som er føre*, medan 9-4 har endra det til *ligg føre*. Dette er ei unødvendig endring frå tradisjonelt nynorsk administrasjonsmål til kanselliinspirert ordbruk. Andre alternativ er *skal opp / er oppe*.
Berre markert

**Behov**
er god nynorsk, men *å ha/være behov for* er helst *å trenge/trengast*. (Det samme gjelder «å være nødvendig».)

- om det er behov for (6-8) > trengst

**Bestemme, bestemt**

*I tydinga "viss"*

- eit bestemt verdiforhold: helst: "eit visst" (3-8) (berre markert)
- bestemte deler > visse delar (8-6)

*I tydinga fastsett, fastsetje*

- med mindre anna er bestemt > om ikkje anna er fastsett > om ikkje anna er sagt (1-2)
- dersom ikkje anna er bestemt (3-14) > fastsett
- jordskifteretten bestemmer noko anna (3-29) > ... fastset ....
- Jordskifteretten skal ha ein jordskifterettsleiar, og så mange jordskiftedommarar som til kvar tid er bestemt. Til å ta sete i jordskifteretten i ein eller fleire bestemte saker ... Domstoladministrasjonen kan bestemme at jordskifteretten skal ha nestleiar (2-2).

Dei siste tre er berre markerte førebels. Kan ev. skiftast ut med *fastsett, avgjere/vedta* etter kva som høver. Kva ordet tilfører i "bestemte saker", er nok ikkje heilt klårt for lekfolk.

Merk at *fastsetje* er nytta slik elles i lovframlegget (2-4, 2-6 (DA fastset), 2-7, 2-8, 6-13, 8-2, 8-13) og i 1979 (54 og 74).

Her òg kan *fastsetje* nyttast:
gi reglar for > fastsetje (x 2) (3-30)

*Overdriven bruk av fastsetjing*:

- slik det er fastsett i lov > etter lov (8-2)
- førstelagmannen fastset kven > avgjer kven (8-2)
- førstelagmannen skal ... fastsetje om > avgjere om (8-2)
- førstelagmannen kan fastsetje at ein (8-2 x 2 ).
  Berre markert, men formuleringa bør endrast meir grunnleggjande. Sjå bolk 3. (I 8-2 er dessutan "ta stilling til" brukt der "avgjere" er greiast.)
- fastsetje fristar (6-11) > setje fristar; fastsett oppfyllingsfrist > sett oppfyllingsfrist (6-23); fastset fristar (8-13) > set fristar (eller er det nokon andre som set dei etter at retten har fastsett dei?). (Jamfør set frist i 2-8, 3-30, 6-9, 6-15, 6-17.)
  Berre markert

*Uklårt*

- Krav på bestemt areal (3-23) = amputert og tvitydig formulering. = Eit visst eller eit fastsett?
  Berre markert, men bør i alle tilfelle endrast.

*Andre løysingar*

- Dom skal ha ei grunngjeving som bestemt i tvisteloven ... (6-20) > Dom skal grunngivast, i samsvar med tvisteloven ...

Alternativ: "... grunngivast, slik tvisteloven ... seier". [Merk at komma etter grunngjeving/grunngivast endrar tydinga. Det er vanskeleg å mistyda intensjonen, men strengt teke bør det nok stå komma dersom alle dommar skal grunngivast.]

**Betale**
er sjølvsagt greitt, men i nokre tilfelle er andre formuleringar meir idiomatiske. Helst "bere kostnadene" (7-4) (Berre markert)

**Beskriv-**
OK

**Betydning**
er greitt, særleg om språkleg betydning. Men *å ha betydning for noko* heiter helst *å ha noko å seie*.

- er det utan betydning for > har det ingenting å seie for (6-19)

Her er bruken av «ha å seie» tøygd vel langt:

- dersom skilnaden har noko avgjerande å seie for eigedommen hans (3-24)

Ikkje så nøye, men kanskje helst, om det ikkje blir misvisande: «er viktig for» (ev. avgjerande).
Ikkje markert. Sjå særskild merknad om 8-10.

**Bevis**
er nytta gjennomgåande, og det er greitt, sjølv om det stod prov i 1979. (Jamfør ”Reglane i tvisteloven kapittel 22 om bevisforbod og bevisfritak, [...] kapittel 24 om vitnebevis og 25 om sakkunnigbevis” – den allmenne bruken av ordet ”vitneprov” hemmar kanskje den tradisjonelle nynorske omgrepsbruken?)

**Bidra**
er i prinsippet greitt, men er brukt altfor mykje i administrativt språk der enklare uttrykk er nok:

- som bidrar til at > slik at

**Bistand**
finst på nynorsk, men er lite nytta der tydinga kort og godt er *hjelp*. I «bistand med prosesskriv» (6-1) er det ikkje godt for lekfolk å seie nett kva det gjeld, men om det gjeld *hjelp*, bør det stå nett det.
Berre markert.

**Ekspropriere**
ekspropriasjon (2-3, 5-7, 6-5), ekspropriere (3-23)

Ikkje minst på grunn av oreigningslova bør det gode nynorskordet oreigning haldast i hevd. Det svarer ledd for ledd til *eks + proprio* og er meir gjennomsynleg enn det latinske ordet. *Oreigning* bør vere like sjølvsagt som antonymet *tileigning*, og det står jamvel i Bokmålsordboka. (Merk, ikkje 2-9, 5-5, 5-6, 8-2, 8-3, 8-6, 8-9, 8-14 – lovtittel.)

**Egen**
i tydinga *særskild* kan godt heite eigen på nynorsk. Men *særskild* er det tradisjonelle, og det er liten grunn til å gå bort frå det. Dessutan er det meir eintydig, til dømes i formuleringar som *eige utval*. I alle tilfelle kan det verke rotete med tre ulike måtar å formulere det same på i ei lov, jf.

- særskild sak (6-17) (og 1979 6a, 21 og 88), men
- sjølvstendig sak (1-3 (x 2)) og
- eiga sak (2-9 (x 2), 5-1, 5-3, 5-5, 5-6, 7-5 overskrift og tekst), eige utval (2-7)

Berre markert førebels

**Den enkelte**
*Den enkelte/einskilde* er godt mogleg i nynorsk, men når 3-3 har «kvar enkelt eigedom» (bortsett frå i

overskrifta), er det i betre samsvar med tradisjonen. Endå betre blir det når ein stryk «enkelt». «Kvar» er nok. Formuleringa er endra der ho er kombinert med ubunden form:

- den enkelte eigedom ... kvar enkelt eigedom ... kvar enkelt eigedom (3-3 x 2) > kvar enkelt eigedom ... kvar eigedom ... kvar eigedom
- i den enkelte sak for jordskifterett > saker for jordskifterett (2-8)

Her er ho berre markert, men endring bør vurderast:

- den enkelte retten (2-6) (= kvar rett / dei ulike rettane)
- dei enkelte paragrafane (6-1) (kvar paragraf /dei ulike paragrafane)

**Erstatte**
trengst i nynorsk, men der *skifte ut* tyder det same, rår vi til det:

- kan fastsetje at ein juridisk dommar blir erstatta av ein jordskiftelagdommar (8-2) > a) blir skift ut med b) setje ein jordskiftelagdommar i staden for ein juridisk dommar
  Berre markert

**Erstatning**
er eit ord som har skipla den tradisjonelle fordelinga av skadebot, vederlag o.a. Vi rår til å nytte dei tradisjonelle nynorskorda i samsvar med Utgårds administrative ordliste.

- erstatning for råderettsavgrensing (5-2) (= 1979). Berre markert
- erstatningsskjønn (5-5) (1979). Berre markert

**Etablere**, sjå *skipe*

**Fastsetje**, sjå *bestemme*

**Finne**
= *finne*. Men ordet blir nytta noko mindre i overført tyding på nynorsk. *Å finne noko slik og slik* er likevel greitt i utgangspunktet, men helst ikkje når meir grunnleggjande uttrykksmåtar fungerer like godt. Tradisjonelt talespråk er idealet for nynorsk skrift. «Eg meiner/tykkjer det er nok» heiter i munnleg tale aldri «Eg finn det tilstrekkeleg». Det siste er konstruert og gjev eit inntrykk av objektivitet som det ikkje alltid er dekning for.

Merk at jordskiftedommaren i 7-1 «meiner» noko er «tilstrekkeleg» (> nok), så det er godt grunnlag for «meine» i sjølve teksten.

Her er uttrykksmåten retta:

- *finn det nødvendig > meiner det trengst / må til* (2-3, 6-13, 6-17, 6-27) (jf. "meiner" i 2-8)
- finn det tilstrekkeleg > meiner det held (3-19)

«Finn at» er berre markert i 8-9 og 8-11 x 2 (1: ser 2: meiner; jf. 1979: kjem til at)). Bør vurderast. Er endra her (6-26 kan diskuterast):

- retten finn at gode grunnar talar for utvidingskravet > retten finn gode grunnar til å utvide saka
- retten finn at > meiner (6-26)

Betre motivert bruk her: ”finn det forsvarleg” (2-8)
Ikkje markert.

**Fatte/treffe**
Fatte og treffe er tradisjonelt lite nytta i overførd tyding om vedtak o.l. Ein har helst nytta meir enkle og grunnleggjande omgrep som «gjere vedtak» og «ta avgjerder». Det er enno mest idiomatisk.

- fatta vedtak > gjort vedtak (3-13)
- treffe avgjerd om > avgjere (3-17) (ev. ta avgjerd om)
- treffe nødvendige avgjerder > ta dei avgjerdene som trengst (6-11)

*Sjå òg nødvendig*.

**Felles**
er greitt på nynorsk, men er det verkeleg bryet verdt å byte ut *sams* når det er innarbeidd (3-13, 3-14, 3-15). Berre markert. (Søk på ”sams for” i nb.no. Det skulle gje eit greitt eit inntrykk av kor uproblematisk dette uttrykket er.) (Kvifor står felles tiltak i to ord berre i 3-15? Har trekt saman.)

**Fordele**
er nett det ordet som «skifte» tradisjonelt dekkjer i norsk. Det same gjeld «dele» i nokre tilfelle. I eldre nynorsk ville *Leiaren fordeler sakene* heitt *skifter sakene* (2-2). Ikkje markert. Dette nemner eg mest som ein kuriositet. Men her er det så å seie same omgrepet: «Fordeling av arealverdiar og kostnader ved fellestiltak i byggeområde / Jordskifteretten kan fordele arealverdiar og kostnader» (3-15). Berre markert.

Denne er endra i samsvar med ordlyden i 1979:

- Sameige skal bli delt etter partshøvet (3-18 x 2) > skal skiftast

**For eksempel**
er god nynorsk, men det er ”til dømes” òg. Kvifor det er retta systematisk frå ”til dømes” i 1979 er ikkje godt å seie (3-24, 5-6, 9-2). Berre markert. I 5-6 bør det i alle tilfelle strykast, sidan det står ”eller anna” seinare i setninga.

**Forhold og forholdsmessig**
I 1979 heitte det mellom anna *rettshøve* og *tida og tilhøva*, og framleis er *høve* nytta i lovutkastet (jf. mishøve 3-10, 8-15, partshøvet 3-18, høvetal (3-18), rettshøve (5-6) ved sida av *tilhøve* (3-11 x 3, 3-13, 6-13, 7-4 (*bruks-beite-* m.m.).

Det er i prinsippet greitt å velje *forhold* for *tilhøve*, men den sterke tradisjonen for *(til)høve* i lovmålet bør vega tungt, og ikkje minst at det er nytta fleire stader i lova. Variasjonen er semantisk umotivert. Dessutan bør dei korte, idiomatiske vendingane med *høve* vurderast i alle tilfelle. Når det gjeld kombinasjonen ”rimeleg høve/forhold”, kan ”svare (nokolunde) til” ofte dekkje heile innhaldet.

- der kostnadene ikkje vil stå i rimeleg forhold til det ein oppnår (8-15) > høve (jf. mishøve i same ledd!) (= der kostnadene er høgare enn vinsten)
- stå i rimeleg forhold til innhaldet i saka (1-1) > høve (= ikkje vere høgare enn saka tilseier / trad: svare til målemnet)

- etter sitt forholdstal = etter partshøvetalet (3-14)

Bør endrast i alle tilfelle:

- føre til meir tenlege og klarare forhold når det gjeld eigedommar og rettar(1-1). Berre markert. Formuleringa ”forhold når det gjeld” er svært utflytande. = føre til klårare eigedoms- og rettshøve? = greie opp i eigedoms- og rettshøve?

Desse bør vurderast

- eigedomsforhold ( 1-1, 3-16 x 2, 3-30) = eigedomshøve/-tilhøve (valfritt, begge to nytta i lover, men ver konsekvent; utgangspunkt i høve nedanfor). Berre markert
- eigedoms- og servituttforholda (4-1) = eigedoms- og servitutthøva. Berre markert
- eigarforholda (3-30) = eigarhøva. Berre markert
- sameigeforholdet (3-18) = sameigehøvet (jf. sameigelova) – jf. høvetal og partshøve i same §!
- eigedoms- og rettsforhold(a) (1-3 x 2) = eigedoms- og rettshøva. Berre markert
- eit bestemt verdiforhold (3-8) ) = eit visst verditilhøve; det framtidige verdiforholdet (3-21) = verditilhøvet ... i framtida (jf. arvelova, burettslagslova, lov om deponering i gjeldshøve). Berre markert
- forhold, forholdet, forholda (3-26, 6-1, 6-12, 6-18, 6-20) = tilhøve, tilhøvet, tilhøva. Berre markert
- dei forhold av rettsleg og faktisk art (3-19) = dei rettslege og faktiske tilhøva. Berre markert (ordstilling endra). Eller retts-x-ane og realitetane? (x = ?)

Merk: ”ein forholdsmessig del av vederlaget” (3-21). Berre markert. Dette er greitt for juristar, men andre kan ha nytte av å få vite kva denne delen av vederlaget skal svare til / stå i høve til. I alle tilfelle kan alternativa i ordboka til Utgård vurderast.

**Formlar o.l.**

- Det formfaste ”i samsvar med tida og tilhøva” (= 1979) går ikkje att i det nye framlegget, medan mange andre allmenne og sjølvsagde formuleringar er med.
- med forsett eller aktløyse (9-5): Gjerne ”med vilje eller aktlaust” (jf. havressurslova 2008 § 59) (berre markert)
- Det nye framlegget er helt fritt for gode nynorske uttrykk som å vera godt eller mindre godt *faren* (berre eit døme, jf. 1979 § 76)

**Forsikring**
= forsikring; trygding; lovnad m.m.

- Forsikring. For forsikring frå meddommarar gjeld domstolloven § 100 (2-11) = lovnad? Berre markert.

Jamfør nynorsk dommarlovnad: «Eg lovar å gjere min skyldnad som dommar. Eg skal dømme og te meg i samsvar med lova og samvitet mitt. Eg held fast ved det som er rett og rettferdig, og lèt meg ikkje rikke av hat eller venskap, vinning eller gåver eller nokon andre grunnar.»

**Forslag**
*Forslag* (= framlegg) er nytta passim og er ikkje markert. OK

**Fortsetje**
er mykje nytta  i nynorsk no, men *halde fram* står enno sterkt (jf.) ”halde fram med eller ta opp att

jordskiftesaka" (8-12). Vurder "fortsetje behandlinga" > halde fram med (6-18). Vekslinga er umotivert.
Ikkje markert.

**Fullbyrdelse**

- bli fullbyrda > fullførast (6-23); fullbyrding > fullføring (6-28)

**Forutsetning**
heiter *føresetnad*, men ein bruker gjerne meir grunnleggjande ord når det er mogleg:

- under føresetnad av at > på det vilkåret at (3-22) (ev. berre "dersom")

**Gjenopning**
heiter det no i halve rettsstellet. "Ta opp att" er likevel brukt i tradisjonell tyding i 8-12. Reint språkleg er det jo mykje betre.

**Gjennomføre eller halde!**
Det tradisjonelle er *å halde skjønn* og *å halde jordskifte*. Det heiter framleis å "holde skifte" på bokmål. Det mest allmennbyråkratiske og innhaldstomme verbet "gjennomføre" bør berre brukast når det trengst.

- jordskiftet skal bli gjennomført > skal haldast (3-1); kan ikkje bli gjennomført > kan ikkje haldast (3-3); kan endring bli gjennomført > kan det gjerast endringar (3-12); gjennomføre jordskiftet > halde jordskiftet (3-16)
- følgje gjennomføring av slike tiltak (1-3) > følgje av slike tiltak (gjennomføring er overflødig)
- gjennomføre sjølvstendige vurderingar > gjere ... (3-4)
- kan avløysing likevel bli gjennomført > kan bruksrettar likevel avløysast (3-9);
- Førebuing av og plan for gjennomføring av sakene (6-11). Tungt. = Sakførebuing og plan for saksgang? (1979: framgangsmåten). Har endra til «Førebuing og planlegging»

Berre markert førebels:

- gjennomføring av tiltak, bygging, utbetring, vedlikehald, drift og nedlegging av anlegg (3-4). Verkar overflødig her òg.
- gjennomføre behandlinga (2-9). Finst det ikkje eit meir idiomatisk uttrykk?
- Kva tyder eigentleg "har gjennomført beiteordning" (3-11) – innført? vedteke?
  Eit hakk verre i kombinasjon med garpegenitiv: «jordskifteretten si førebuing og gjennomføring av sakene» (6-11) = sakførebuing og saksgang (ev. framgangsmåte?) i jordskifteretten
- dei nødvendige avgjerder om gjennomføring av opparbeidinga (3-22) = OK? (= korleis arealet skal opparbeidast?)

Ikkje markert: 3-13 ofl.

**Hensiktsmessig**

- > føremålstenleg (ev. god) 6-15

**Herunder**
bør det ikkje heite på nynorsk. «Under dette» er mogleg i formelle samanhengar, og er nytta i teksten (6-18). Men det er ikkje naturleg der ein i talemålet seier noko anna. I 6-9 er det endra til "som når" ("under dette at vilkåra ... ikkje kan bli oppfylte"). I 3-9 er det endra slik:

Jordskifteretten kan avløyse bruksrettar, under dette positive servituttar
> Jordskifteretten kan avløyse positive servituttar og andre bruksrettar

**Inngå i**
kan brukast i nynorsk, men i nokre faste frasar (gjere avtale, gjere forlik) og der det finst meir grunnleggjande, munnlege formuleringar (vere del av), kan det godt skiftast ut:

- avtalar som ... er inngått (4-5) > er gjorde; inngår forlik (6-23) > gjer forlik
- utomhusareal som inngår i eigarseksjon > uteareal som er del av eigarseksjon (4-2)

Berre markert:

- Eigedomsdeling som gjeld areal eller rettar som <u>inngår i</u> sak for jordskifteretten (3-29) > ?

**Krets**
heiter helst krins

- rettskrets > rettskrins (8-15 x 2)

**Med mindre**
er god nynorsk i og for seg, men verkar tungt i sambandet «med mindre anna» (jf. «om ikkje anna», 3-14 og 8-13!). Har òg endra i 1-2, 2-3, 2-9 ( x2), 3-21, 3-29, 6-1 x 3 og 6-17 sjølv om nokre av dei kan forsvarast.
Det tradisjonelle er berre «minder» (utan «med»), men det er vanskeleg å nytta i dag.

**Med videre**
gjev ikkje god mening i nynorsk, og ein skriv helst m.m., osb. eller o.a.

- m.v. > osb. (6-8); med vidare > osb. (8-10); med vidare > med meir (4-6)
- .v. > o.a. (8-7)

**Mogeleg**

OK. Sjå "så langt råd".

**Moglegheit**
er heilt nødvendig i nokre samanhengar. Men ikkje der høve er godt innarbeidd.

- det [er] utan betydning for ... moglegheita til > ... høvet til (6-19)

**Meining**
*Meining* blir ofte omskrive og tilslørt. I nokre tilfelle er ”*finne at*” (sjå det) beint fram *å meine*. *Å stille seg slik og slik til noko*, er ofte å *meine noko om det* (endra i 6-17).

**Mon**
dekkjer tradisjonelt *grad* i visse tydingar. Jamfør ”ta opp att jordskiftesaka i den mon det følgjer av avgjerda i lagmannsretten” (8-12) og ”i den mon det er nødvendig (> trengst)” (8-13). Vi ser ingen grunn til at ”mon” i 1979 skal endrast til grad (8-10), og har retta tilbake. Eit anna spørsmål er om desse ”i den mon”-ane kan skiftast ut med noko enklare, som ”om”, ”dersom” e.a. (”om avgjerda ... krev det”).

**Myndigheit**
kan nyttast om det meir hevdvunne *styre(s)makt* på nynorsk ved sida av det konstruerte *mynde*. Men særleg samansetningane med det stutte *makt* (jf. *påtalemakt*) er verde å ta vare på:

- domsmyndigheit (parafrase frå tvisteloven 6-1, 6-3 x 5) > domsmakt på staden (jf. t.d. matrikkelstyresmakt og skogbruksstyresmakt i same lov)
- vernemyndigheit (7-4): = vernestyresmakt (ikkje vernemakt!). Bør vurderast. <u>Berre markert</u>

**Nødvendig**
Dette ordet er sjølvsagt *nødvendig* i nynorsk, men korkje *nødvendig* eller *naudsynt* (før: *turvande*) der dei grunnleggjande verba *trenge/trengast* e.l. gjer nytta. Det står då òg *trengst* i 8-7, 8-9 og 9-4.

- skal ha nødvendig personale (2-4) > det personalet som trengst; det som er nødvendig > det som trengst (3-3); andre fristar som er nødvendige > trengst (3-30); nødvendig rettleiing > den rettleiinga som trengst (6-9); som er nødvendig for (6-17) > som trengst for; om nødvendig > om det trengst (6-17, jf. 8-7); i den mon det er nødvendig > i den mon det trengst (8-13)
- dei nødvendige avgjerder om (sjå *gjennomføre*) (3-22); treffe nødvendige avgjerder (6-11) > ta dei avgjerdene som trengst;
- finn det nødvendig > meiner det trengst / må til (2-3, 6-13, 6-17, 6-27) (jf. ”meiner” i 2-8)
- som er nødvendig for at dei skal kunne > som dei treng for å (6-12); den rettleiing som er nødvendig (6-12) > rettleiing slik at!
- det er nødvendig å ta med for å > må til for å (6-20); dersom dette er nødvendig (8-9) > dersom det må til
- som retting ... gjer nødvendig > krev (8-10)
- så langt det er nødvendig 3-16 > så langt det trengst (merk: i samsvar med 8-7, 8-9 og 9-4, jf. 1979 § 67)

Sjå òg bolk 3:

- Argumentasjonen frå den som krev saka, treng ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for å ivareta desse omsyna. (6-8) <u>Berre markert</u>
- når det er nødvendig å ta stilling til spørsmålet (5-6) = om det trengst ... <u>Berre markert førebels</u>
- rettinga gjer dette nødvendig (8-10) = rettinga krev det (gjer det påkravd). <u>Berre markert førebels</u>

Berre markerte, men kan vurderast:

- nødvendige reglar (3-19); nødvendige løyve (3-19, men sjå *liggje føre*); gi nødvendige reglar (3-27, 7-8)
- om nødvendig fortsetje behandlinga (6-18): ikkje markert (OK pga. strukturen i setninga)

**Oppbevare**
må kunne brukast i nynorsk, men i 6-23 kan det godt stå «lagrast» for «bli oppbevart»

- oppbevarast > lagrast

**Opprette / rette opp**, sjå under *avbøte*

**Opprette = skipe**, sjå skipe

**Oppstå**
er greitt, men der enklare uttrykk kan nyttast, er det betre nynorsk:

- oppstår > kjem opp (6-11)

**Passe**
= *passe* (verbet), men det er så god tradisjon for å nytte *høve* i lovtekst – jf. òg utkastet til denne lova 2-6, 6-1, 6-7, 6-11, 6-12, 6-13, 6-15, 6-16, 6-21, 6-22, 6-23, 6-28 – at *passe* kan verka laust og uformelt. *Høve* står òg i nyare lover som havressurslova.

- så langt dei/han/det passar > så langt dei høver 4-2, 4-5, 8-3 x 2, 8-6 x 2, 8-7

**Pågå**
medan jordskiftet pågår > blir halde (9-3)

**Redusere**
heiter det sjølvsagt på nynorsk òg. Men i god nynorsk bruker ein ordet mindre (ein seier altså ikkje "er bruken redusert").

- partane sitt rådvelde (6-23) > som gir partane mindre rådvelde (mer òg den ulaglege genitiven)
- blir gebyret redusert (6-3). Helst: sett ned (berre markert)
- ingen part får redusert sin samla arealverdi (3-25) (OK, ikkje markert)

**Riktig**
= riktig/rett. Men *rett* er enno minst markert på nynorsk.

- riktig > rett (6-12)
- riktig og fullstendig opplyst > [direkte omsett:] heilt og rett opplyst > (framlegg:) forsvarleg opplyst (6-16)

**Senking**
heiter *søkking* (om s. i væsker) eller *setje ned, gjere lågare* (i eldre nynorsk ofte: *lægje*). Senkingsarbeid (9-2) = lægingsarbeid i 1950, men *læging* er i praksis forelda. OK, ikkje markert.

**Sikre**
«Sikring av kostnader» (7-11 x 2) (berre markert) gjeld vel «sikkerhetsstillelse»? Med den forenklande nynorskomsetjinga *sikring* får vi ei ulagleg omgrepskløyving som råkar begge mål og skaper forvirring. Sikkerhet i garanti-tydinga heiter tradisjonelt *trygd for* på nynorsk. Slik sett, om innhaldet er rett forstått:

- For sikring av kostnadsansvaret gjeld § 20-11 i tvisteloven = I samband med trygd for kostnadsansvaret gjeld.... Berre markert. (Spørsmål: er det rett å kople «sikkerhet» til sjølve ansvaret?)

**Skipe**
er kanskje det nyttigaste omgrepet i administrativ nynorsk. Det er både presist og fleksibelt og dekkjer mellom anna *opprette* og *etablere*. *Skiping* er 'oppretting, etablering', *skipnad* er 'ordning' og *tilskiping* er 'arrangement'. Det er synd at den nye lova er reinsa for dette praktiske og tradisjonsrike ordet. Å nytte «etablere» for enkle omgrep som *skipe* og *få i stand* er å skifte ut heile grunnlaget for nynorsk lovmål.

- etablering av, etablere fellestiltak (3-13 x 3) = skiping av, skipe fellestiltak (1979: sams tiltak). Berre markert
- laget som er etablert (3-13), etablering av lag (3-14 x 2) = skipa, skiping. Berre markert
- opprette sameige (3-7 x 2) = skipe. Berre markert
- oppretting av; opprette nye matrikkeleiningar (6-25 x2 = 1979) = skipe; skiping. Berre markert
- bruksordning 3,-9, 3-11: bruksskipnad mogleg. Ikkje markert
- beiteordning 3-11 (OK), men bruksskipnad mogleg. Berre markert

Servituttlova talar om å *skipe*, *omskipe* og *avskipe* rettar. Det er jo ryddig terminologi. I den mon desse omgrepa dekkjer dei sprikjande uttrykka «stifte/etablere», «omlegge/endre» og «avløse», har dei god hevd. Det er dessutan ein føremon å ha same omgrep som i servituttlova. Men sjølvsagt berre dersom omgrepa stemmer, og det kan ikkje vi avgjere.

*Avløysing* i 3-9 og 3-10 er berre markert. Endring i 3-12 ikkje markert.

**Skyldnad**

tyder «forpliktelse» allment og økonomisk «forpliktelse» særskilt. Det er frå før nytta i 9-2 og er sett inn i 3-14 for «utgifter og gjeld»

**Slag(s)**
heiter det helst på nynorsk og i talemål av det tradisjonelle slaget når det ikkje er særskild grunn til å nytte *form (for)*, *type*, *kategori* e.l.

- alle former for servituttar (4-2) > alle slag(s) servituttar
- kva sakstypar (6-24) > slags saker

**Stedlig**
*Stadleg* er slett ikkje umogleg på nynorsk, men verkar konstruert i nokre samanhengar. Dersom «stadleg kompetent» beint fram = «som har domsmakt på staden», er det klårare for lekfolk. (Jamfør «At retten må være stedlig kompetent sikter til hvilken av flere sideordnede domstoler som er den rette.»)

Har skift ut «stadleg domsmyndigheit», «stadleg myndigheit» og «som er stadleg kompetent» (x 3) i 6-3 med «(med) domsmakt på staden». Om tolkinga stemmer, blir ordbruken meir einskapleg.

(Tyder «det stadlege området til lova» «der lova gjeld»?)

**Så langt**
er nytta ein del i overførd tyding i nynorsk (jf. òg 1979), men det mest idiomatiske er "i den mon", jf. "ta opp att jordskiftesaka i den mon det følgjer av avgjerda i lagmannsretten" (8-12) og "i den mon det er nødvendig (> trengst)" (8-13) – som det allereie står i utkastet (sjå *mon*). "Der" og "når" er minimalistiske og elegante løysingar som òg bør vurderast i nokre tilfelle. Det ville gje eit meir solid inntrykk om alternativa var nytta oftare, men vi har stort sett ikkje markert "så langt" i teksten

- så langt råd > best mogleg (2-10)
- så langt råd er (3-20); så langt det er mogeleg (6-8) = om mogeleg? Berre markert.
- så langt det trengst / er nødvendig) (3-16, 8-9, ikkje markert; 9-4 berre markert) = i den mon / når / om
- så langt ... høver/passar (2-6, 4-2, 4-5, 6-1, 6-7, 6-11, 6-12, 6-13, 6-15, 6-16, 6-21, 6-22, 6-23, 6-28, 8-3 x 2, 8-6 x 2, 8-7. Ikkje markert , men i fleire tilfelle kunne det altså greidd seg med berre "der" eller "når"
- så langt det gjeld (6-1) og berre markert (sjå bolk 3)
- så langt den som krev sak, har oversikt (6-8) berre markert (sjå bolk 3)
- så langt lagmannsretten avgjer saka (8-9), berre markert
  Merk at desse formuleringane ikkje er lette å tolke for lekfolk; allmennspråkleg sett er dei truleg ikkje heilt klåre.

**Stille**
heiter det òg på nynorsk, men der *setje* gjer nytta, har det vore rekna som det beste:

- stille ... på vent (8-11) > setje ... på vent

**Tre (verbet)**
kan nyttast i dei fleste samanhengar, men er tradisjonelt ikkje velsett i overført tyding i nynorsk, og det finst mange alternativ (jf. i 2-2 i sjølve utkastet).

- å tre inn i jordskifteretten ved forfall (2-8) > å ta sete i ... (jf. 2-2)

*Tre i kraft*

- i tida frå saka er slutta og fram til jordskiftet trer i kraft (3-30) (1979: tida frå jordskiftet er slutta til det blir sett i verk) > blir iverksett
- eit avslutta jordskifte ikkje trer i kraft (6-22) (1979: trår) > blir iverksett

- Frå den tid lova trer i kraft, gjeld følgjande endringar i andre lover > Når lova tek til å gjelde, blir desse endringane gjorde i andre lover (9-8).

Merknad: Det er i alle tilfelle ulogisk å tale om å gjere endringar ”frå” (og ikkje på) ei viss tid, slik mange lover gjer. I utkastet er problemet for så vidt løyst elegant med ”gjeld frå”. Men ”gjeld frå” er altså det mest idiomatiske nynorske uttrykket for ”tre i kraft” og bør brukast i den samanhengen i denne paragrafen. Derfor bør nok ”gjeld” etter kraft bytast ut med ”bli gjort” eller kvifor ikkje berre: ”blir det desse endringane” (som i arvelova)?

**Tilstrekkeleg,** sjå *finne*

nok med ”nok”: meiner er tilstrekkeleg > meiner er nok (7-1)

**Treffe**, sjå *fatte*

**Type**
= type, sort, slag. Men type er ofte minst idiomatisk. Andre framlegg:

- kva sakstypar ... og kva for saker > kva slags saker ... og kva slags saker (6-24)
- den avgjerdstypen (6-19) = den slags avgjerd / den avgjerdsmåten? Berre markert

Sett på spissen: ”Kva for slags type X” kan somme tider forkortast til berre ”kva X”. Døme: Kva for slags type bodskap vil du ha fram? > Kva bodskap vil du ha fram? (Med eitt unntak kan ”kva for” dessutan forkortast til ”kva” i lovteksten. Men det er heilt valfritt.)

**Uansett**
kan vere greitt, men andre og enklare uttrykk gjev ofte betre nynorsk. Her er det ingen tvil:

- uansett om (6-16) > anten

**Underteikne**
står i Nynorskordboka, men ein har helst nytta *underskrive*

- underteikna > underskrivne (6-20); underskrivast (6-23)

**Utomhusareal**
= uteareal (1979)? (4-1, 4-2). Berre markert

**Uttale**
bruker ein helst om uttale av lydar og ord. *Uttalelse* heiter det tradisjonelt fråsegn (eller frå personar: utsegn):

- uttale om forslag =? (6-18) (berre markert)

**Videre** (sjå òg «med vidare»)
= *vidare*, men ordet har ikkje tradisjonelt like vidt metaforisk bruksområde som på bokmål. Der ein kan nytte meir grunnleggjande ord, er det meir idiomatisk. Døme:

- skal vidare (6-20) > skal òg (ev.: dessutan)

# 4 Omstendelege, kronglete eller upresise formuleringar

+ anna som ikkje fell inn under bolkane ovanfor. Merk at denne gjennomgåinga kjem i tillegg til merknadene ovanfor.

**Kapittel 1**
Overskrift: Formålet med lova, virkeområde og nokre definisjonar. > Formål, verkeområde og definisjonar

**1-1**
meir tenlege og klarare > klarare og meir tenlege / tenlegare og klarare (1-1 første ledd). Berre markert.

**1-1**
Formålet med lova. Saker etter lova skal mellom anna føre til meir tenlege og klarare forhold når det gjeld eigedommar og rettar. Eintydige grenser er ein del av dette. (1-1)

Merknad: «Mellom anna» seier seg sjølv, og «forhold når det gjeld» er svært laust formulert («forhold kring» er ikkje klårare, men reint språkleg betre). «Dette» har uklår referanse.

Alternativ: «Formålet med lova. Saker etter lova skal greie opp i rettar og eigedomsforhold og mellom anna gi eintydige grenser.» (Eller jamfør framlegg under «forhold»: «skal betre eigedoms- og rettshøve» (slik det er formulert i 1-3.) Berre markert

(Presisjon, referanse)

**1-1**
Lova skal leggje til rette for rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling ... for uavhengige og upartiske jordskiftedomstolar. (osb.) (1-1).

Merknad: Dette (frå tvistelova?) gjeld vel all rettargang, men må alt seiast i alle lover? (Jamfør òg 3-4 om at retten må gjere sjølvstendige vurderingar.) Galdt det ikkje før? Er det ikkje sjølvsagt nok? Vi veit ikkje, vi berre spør. Men det minner meir om politikarprat enn lovspråk. Det står i kontrast til det gamle og pregnante «godt og gagnleg jordskifte» («i samsvar med tida og tilhøva»). Neste setning, om saksbehandling og kostnader, er laust formulert og har dessutan ein annan struktur enn dei andre (nemner ikkje lov eller føremål).

Berre markert.

(Frasar, tautologi; jamfør 3-4; 6-11, 6-12, 6-15)

**2-2**
tilkalle slike jordskiftedommarar innan lagdømet (2-2) = ... frå det same lagdømet? Berre markert, men i første omgang endra til «innanfor»

(Presisjon, ordbruk)

**2-3**

Fullmakta blir gitt av Domstoladministrasjonen eller av jordskifterettsleiaren etter reglar gitt av Domstoladministrasjonen.
Merknad: Kan regel like godt vera «forskrift» (som kan nemnast i eige punktum eller slettast)? Ein kan ferde ut både fullmakter og forskrifter. For variasjons skuld kan det eine «gitt av» godt skiftast ut med «utferda av» (ev. til slutt: «som DA har ferda ut»).
Berre markert
(Variasjon, omgrepsbruk)

**2-4**

kvalifikasjonskrav: Nok med «krav»?
Berre markert
(Overpresist)

**2-7**
kor mange det skal vere i utvalet frå kvar kommune
Betre leddstokking: kor mange frå kvar kommune som skal vere i utvalet
Berre markert
(Leddfølgje)

**2-7**
Utvalet blir peika ut ...
Merknad: Strengt teke blir «utvalet samansett» og «medlemene i utvalet utpeika»
Berre markert
(Presisjon)

**2-8**
Om ein part krev det, skal jordskifteretten bli sett med to meddommarar. Meiner jordskiftedommaren at det er ønskeleg av omsyn til ei forsvarleg behandling av saka, skal jordskifteretten bli sett med to meddommarar sjølv om det ikkje er reist krav om det frå nokon part i saka.
Merknad: Her er det mange ord («er ønskeleg av omsyn til ei forsvarleg behandling av saka») som i grunnen vel berre uttrykkjer det same som «trengst». Ein kan gå ut frå at det dommaren har for auga, er forsvarleg behandling, og at han meiner noko om det utan omsyn til kva som måtte vere ønskjeleg i andre tydingar av ordet.
Har endra siste setning til: «Meiner jordskiftedommaren at det trengst, skal jordskifteretten setjast med to meddommarar sjølv om ingen av partane har kravt det.»
Men begge setningane kan truleg komprimerast til denne eine: «Jordskifteretten skal setjast med to meddommarar dersom ein part krev det eller jordskiftedommaren meiner det trengst.»
Framlegg: «Dersom dommaren meiner det trengst, skal ...»
Noko berre markert
(Omstendeleg)

**2-8**
Jordskifteretten skal bli sett med to meddommarar > Jordskifteretten skal i slike saker setjast med to meddommarar
Tilleggsmerknad: Men kanskje det er nok med tilvising til første ledd?
(Presisjon)

**2-8**

før innkalling etter § 6-13 til første rettsmøte > før innkallinga til første rettsmøte etter § 6-13
(Leddfølgje)

**2-7, 2-8 og 2-9**
Kan jordskiftesaker erstatte ”saker for jordskifterett(en)”, eller blir det gale?
Ikkje markert.
(Omstendeleg)

**2-9**
Kjem det i eit skjønn som blir behandla som eiga sak, eit krav om å utvide saka til å omfatte anna sak for jordskifterett
Merknad: uheldig innskot i spesiell ordfølgje. Endra til:

> Om eit skjønn bli halde som ei særskild sak og det kjem eit krav ...
Alternativ: Om det i ei særskild skjønnssak kjem eit krav ... ?
(Kronglete)

**2-10**
Så langt råd skal meddommarane vere særleg kunnige i det som saka i hovudsak gjeld
> Meddommarane skal ha best mogleg greie på dei viktigaste sidene av saka. (2-10)
(Omstendeleg)

**2-10**
dersom det ikkje let seg gjere innan rimeleg tid å få tak i nokon som står i utvalet
Merknad: Kan det «pakkast» litt tettare? Til dømes: «dersom ingen frå utvalet kan møte i tide» (2-10).
Berre markert.
(Omstendeleg)

**2-10**
dei oppnemnde > dei oppnemnde meddommarane
(Presisjon)

**3** overskrift: Bruk av verkemiddel, vilkår og sperretid
Merknad: Er «Bruk av» naudsynt? Bruk er uløyseleg knytt til verkemiddel i alle fall. Dessutan kan bruk «smitte» over på vilkår og sperretid.
Berre markert
(Omstendeleg)

**3-1 problema i saka**, sjå 3-19

**3-14**
Er "det som er, eller skal vere, felles" ei fullstendig formulering?

**3-4**
Grunnlaget for vurdering av vilkåra etter §§ 3-2 og 3-3. Undervegs i eit jordskifte prøver jordskifteretten vilkåra i §§ 3-2 og 3-3 ved å halde jordskiftegrunnlaget opp mot ei førebels vurdering av jordskifteløysing og kostnader etter § 7-1 første ledd. Ved avslutting av jordskiftet skjer prøvinga ved å halde endeleg jordskifteløysing og kostnader etter § 7-1 første ledd opp mot jordskiftegrunnlaget.

Merknader: Både «undervegs» og «ved avslutting» er fleirtydige. Kva er «ved avslutting» nærmare bestemt? Og er undervegs éin gong eller kontinuerleg? Dette er truleg unødvendige spørsmål og irrelevante merknader sakleg sett. Men formuleringane er ikkje svært idiomatiske i ei lov på nynorsk – ein ventar meir presise eller tvert om meir allmenne vendingar.

Dersom overskrifter skal reknast som ein del av lovteksten, kan dette vere nok:

«Slik skal vilkåra i §§ 3-2 og 3-3 vurderast. Gjennom heile jordskiftet skal jordskifteretten halde jordskiftegrunnlaget opp mot kostnadene etter § 7-1 første ledd og dei aktuelle jordskifteløysingane. Til slutt skal jordskiftegrunnlaget og kostnadene haldast opp mot den endelege løysinga.»

Berre markert.
(Presisjon, ordbruk)

**3-4**
Dersom jordskiftegrunnlaget blir endra som følgje av: [lang liste] skal jordskifteretten ta utgangspunkt i dette ved prøving av vilkåra

Merknad: Betre å gjere seg ferdig med setninga før oppramsinga. (I alle tilfelle er kolon i strid med skrivereglane, men mest akutt slik det står no.)

Framlegg: Jordskifteretten skal ta omsyn til endra jordskiftegrunnlag som følgje av: [...] Berre markert.
(Ordfølgje)

**3-4**
Jordskifteretten er ikkje bunden av partane sine påstandar om vurderingane. (3-4)
Merknad: Kven sine vurderingar? Er det meint påstandar om grunnlaget? Berre markert.
(Presisjon, logikk)

**3-4**
Retten må gjennomføre (> gjere) sjølvstendige vurderingar.
Merknad: Men er ikkje det sjølvsagt?
Berre markert.

**3-5**
Sperretida på 10 år gjeld ikkje når [...] gjer at det ikkje er naturleg å rekne området som tidlegare skifta.
Merknad: Bør kunne pakkast tettare.
Framlegg: «gjer det urimeleg å rekne dette som eit skift område». Berre markert.
(Omstendeleg)

**3-5**

«Det som» i fyrste ledd og «liknande» i andre har ikkje heilt klår referanse.

**3-7**

Heiter det «sameige» i samband med tyngsler? Er det ikkje snarare tale om skifting (fordeling) av tyngsler i samband med oppløysing av sameige? = «Jordskifteretten kan heilt eller delvis løyse opp eller skipe sameige mellom eigedommar eller rettar i eigedommar»?

**3-9**

eigedomspart = part i eigedommen?
Merknad: Presiserer at det gjeld den eigedommen som bruksretten knyter seg til?
Berre markert
(Presisjon)

**3-9**

den verdiauken det fører med seg for eigedommen å
> den verdiauken eigedommen får ved å
(Omstendeleg)

**3-10**

rettast ved endring etter § 3-12
Merknad: Treng ein presisere at rettinga er ei endring? Eller er det nok med «rettast etter § 3-12». Berre markert.
(Pleonasme, omstendeleg)

**3-13**
«korleis»: sjå 3-28

**3-10**
meir til skade enn gagn (3-10) > til meir skade enn gagn (ev.: meir til skade enn til gagn)

**3-11**
Spørsmål: Kva er det logiske tilhøvet mellom a og b på den eine sida og c og d på den andre? Dei ser ikkje gjensidig utelukkande ut? Og kva med anna sameige, finst det? Til tredje ledd: Kva med tilhøva mellom fleire

sameigarar?
Ikkje markert

**3-12**
sjølv om den nye situasjonen ikkje blir like god for dei andre partane som den tidlegare [situasjonen] (3-12)
Merknad: Her er det truleg fleire ord enn ein treng.
Framlegg: > sjølv om stoda for dei andre partane måtte bli ringare enn før / jamvel om dei andre partane kjem dårlegare ut / (trad:) jamvel om dei ikkje er til bate for dei andre partane
Anna spørsmål: Er ikkje dette allereie sagt i og med «tapet for andre partar»? Berre markert.
Tredje spørsmål: Skal dei eigentleg få fullt vederlag eller ikkje?
(Omstendeleg, tautologisk)

**3-13**
Er det abstrakte *reindrift* med vilje sett i motsetnad til dei meir konkrete *grunneigar* osb.?
Berre markert

**3-13**

tiltak som gjeld tilhøva
Kan verke diffust.
Berre markert
(Uklårt)

**3-13**
stor risiko > stor økonomisk risiko
(Presisering)

**3-13**
fleirtal i laget
Kva slags fleirtal?
(Presisering)
Berre markert

**3-13**
deltakarar i driftsselskapet > eigarar
(Presisering)

**3-14**

etablere lag
Kva slags lag? Samvirkelag, ansvarleg selskap, tingsrettsleg sameige ...?
Berre markert

**3-15**

*tredjemann* bør kanskje vere *tredjeperson*
Berre markert

**3-17**
Det heiter «å velje a eller b», men «å velje mellom a og b». Har endra.

**3-17**

Bør aktuell og potensiell verdi forklårast i teksten?
Berre markert

**3-17, 3-19**
dersom særlege grunnar gjer at avgjerda ikkje kan bli ståande > dersom særlege grunnar talar for det
(Omstendeleg)

**3-19**
som har hatt mest å seie for løysing av problema i saka (3-19)

Merknad: Finst det ikkje noko meir fast og idiomatisk for "løysing av problema i saka / jordskiftet"? Korleis greidde ein seg utan dette uttrykket før? (Tanken var utan tvil til stades.) Her er det vel nok med «løysinga»?
Òg i 3-1 og 6-17 (= få til eit jordskifte?)
Berre markert.
(Omstendeleg)

**3-21**

ikkje bli tatt omsyn med mindre > berre takast omsyn dersom

**3-21**

minst ein part, og ... desse partane > og denne parten eller desse partane
(Alternativ: berre «vedkomande»)
(Grammatisk samsvar)

**3-21**

panthavar > eventuelle panthavarar
(Presisering)

**3-23**

realisere eit ... tiltak > gjere ... eit tiltak
Logisk sett kan det vel sløyfast heilt?
(Unødvendig framandord)

**3-24**
med pårekneleg og monaleg framtidig verdiendring > med ei monaleg, pårekneleg verdiendring
at mogeleg framtidig verdiendring > at ei mogeleg verdiendring
Merknad: 1) Pårekneleg og mogeleg impliserer framtidig. 2) Monaleg bør stå fyrst.
(Omstendeleg, ordfølgje)

**3-24**
Jordskifteretten skal i alle høve sjå til at mogeleg framtidig verdiendring blir så lik som råd
> ... blir så likt bytt som råd (3-24)

(Presisjon)

**3-24**

påby > krevje (2 stader)
(Idiomatisk)

**3-24**
nokon ... han ... hans (2 stader)
(Grammatisk greitt, men kan vurdere han/ho ... hans/hennar dersom det kjem prinsipielle motlegg.)

**3-24**
Jordskifteretten kan ta inn investeringar i førebyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak som ein del av jordskifteavgjerda.
> Investeringar i førebyggingsarbeid eller andre tryggingstiltak kan vere ein del av jordskifteavgjerda.
(Omstendeleg)

**IV** Andre oppgåver
For generell tittel?
<u>Berre markert</u>

**3-30**
og ikkje i noko tilfelle kan det blir sett lengre frist > Fristen kan aldri vere lengre enn 10 år
(Omstendeleg)

**3-30**

bruk av bokstavane a-c i andre ledd > vedtak etter andre ledd
(Omstendeleg)

**3-34**
pengar eller anna[n] verdi = a) pengar eller andre eigedelar? b) pengar eller anna? (Fyrste og tredje ledd)
(Uidiomatisk)
<u>Berre markert</u>

**3-25**
Når jordskiftet utløyser auke i arealverdi, kan den > ... kan auken
(Presisjon)

**3-26**
feste eller leige bort > feste bort eller leige bort
(Presisjon)

**3-26**
skal eigedom ... formast slik at ...
Gjeld det berre grensesetjing eller òg opparbeiding? Finne noko meir eintydig?
(Presisjon)

**3-27**
Er paragrafen litt vel generelt formulert?
<u>Ikkje markert</u>

**3-28**
... skal jordskifteretten fastsetje <u>korleis</u> meirkostnadene skal gjerast opp (3-28)
Jordskifteretten kan avgjere <u>korleis</u> storleiken på dette vederlaget skal fastsetjast (3-13)

Merknad: I 1979 står det at jordskifteretten skal fastsetje (sjølve) godtgjersla, men no skal dei berre fastsetja måten? Dette står i så fall i konstrast til 3-30: «fastsetje storleiken på vederlaget» (= fastsetje

vederlaget)). Berre markert.
(Presisjon)

**3-30**
å gjennomføre endringane som ligg i jordskiftet (3-30)
Merknad: Tyder ikkje dette beint fram å setje jordskiftet ut i livet? Berre markert.
(Omstendeleg, frase)

**3-30**

fastsetje storleiken på vederlaget (3-30) > fastsetje vederlaget
(Pleonasme)

**4-1**
i andre område
Merknad: gjev ”andre” rett meining?
Berre markert
(Logikk)

**4-6**
Jordskifteretten blir sett > ... blir alltid sett
(Presisering)

**5-1**
Jordskifteretten kan også halde andre skjønn ...
Merknad: Kan han verkeleg halde alle andre slags skjønn?
Berre markert

**5-2**

Det same gjeld under vernejordskifte og det anten er rettskraftig avgjort > ... ”vernejordskifte når/dersom” eller ”vernejordskifte og når”? ... (5-2).
Berre markert, men må endrast! Merk: På grunn av annan syntaks er det ikkje feil i 1979!
(Logikk)

**5-3** og **5-4**
Må 5-3 ha så utførleg overskrift?
Kanskje kan dei to paragrafane slåast saman under ”skjønn etter særlege lovreglar”?
Ikkje markert

**5-6**
Dersom det i skjønnssak i samband med jordskifte er tvist om eit underliggjande rettshøve ... skal jordskifteretten avgjere dette ved dom *når det er nødvendig å ta stilling til spørsmålet for at saka skal bli avgjort*. (5-6) > ... skal jordskifteretten avgjere tvisten ved dom *om det trengst for å få til ei jordskifteavgjerd*? Berre markert.

Jamfør: 1979 (§ 70): Kjem det opp tvist om ... eller anna som jordskifteretten ikkje har avgjort ved dom, og som heller ikkje er endeleg avgjort på annan måte, skal jordskifteoverretten *avgjere tvisten om det trengst av omsyn til jordskiftet*.
(Omstendeleg)

**5-6**
.... tyngsler eller anna innan jordskifteområdet eller med utanforståande (5-6)

Merknad: Motsetnaden «innan området – med utanforståande» verkar merkeleg både språkleg og logisk. Syntaktisk er det dessutan vanskeleg å sjå korleis «med utanforståande» knyter seg til noko av det som står i oppramsinga. Bør skiljast ut i ei særskild setning. Heile perioden bør skrivast om.
Berre markert.
(Presisjon)

**6-1**
Reglane i tvisteloven gjeld også for saksbehandlinga ...
Kva tyder "også" her?
Berre markert
(Logikk)

**6-1**
Er ikkje strekpunkt best i denne opprekninga?
Ikkje markert

**6-1**
Desse reglane gjeld ikkje for saker etter lova her: [...] § 19-4 (1) om når retten er bunden av ei avgjerd, så langt det gjeld jordskifteavgjerd etter § 6-19 [...]

Merknad: Kva er eigentleg «det»? Heller noko slikt: «... ei avgjerd -- dette unntaket gjeld ...»? Berre markert.

(Presisjon, referanse)

**6-2**
Når det gjeld behandlinga av skjønn > I behandlinga av skjønn (6-2)
(Omstendeleg)

**6-2**

Saksbehandling i saker som [er] nemnd[e] etter kapittel 5 (skjønn og andre avgjerder) >
Saksbehandlinga i saker etter kapittel 5
(Omstendeleg)

Spørsmål: Trengst paragrafen i det heile?

**6-3**
Dersom eigedommen eller eigedommane ligg i fleire sokn, eller det er uvisst kva for jordskifterett som er stadleg kompetent [har domsmakt på staden] kan kravet bli sett fram for ein av dei. (6-3)

Merknad: «Dei» som det kan vera ein av, er eigentleg ikkje nemnt. Det er uvisse som er temaet. Må endrast.
Berre markert
(Presisjon, referanse)

**6-3**
annan domstol = annan jordskifterett?
(Presisering)

**6-4**
den som |er eigar |av grunneigedom eller av eigarseksjon|| eller som |har bruksrett, negativ servitutt| eller som |er festar| > den som eig grunneigedom eller eigarseksjon, eller som har bruksrett eller negativ servitutt,

eller som er festar. (I originalen manglar eit eller før ”negativ”, men oppramsinga ville bli overlest om ein sette det inn utan å styrkja overflatestrukturen.) Berre markert, men må endrast
(Ugrammatisk oppramsing; substantivisk)

**6-6**

Meir naturleg med vanleg ordfølgje: «Ein kan ikkje skrive frå seg etten til å krevje sak etter lova her.»
Berre markert
(Leddfølgje)

**6-7**
Jordskiftesak ... blir reist: Sjå under passiv i bolk 2

**6-7**
krav om oppfriskning og krav om gjenopning
> (helst:) krav om oppfrisking eller gjenopning.
Lettare slik, setninga er allereie krunglete.
Berre markert
(Omstendeleg oppramsing)

**6-7**
I tillegg til det som er sagt i første og andre ledd, gjeld > I tillegg til første ledd gjeld
(Omstendeleg)

**6-8**
Argumentasjonen frå den som krev saka, treng ikkje gå lenger enn det som er nødvendig for å ivareta desse omsyna.
Litt betre, dersom rett tolka: Kravet treng ikkje innehalde meir argumentasjon enn det dei nemnde omsyna krev?
Betre: Formuler klårare kva som er poenget med regelen. Når det i neste(!) ledd står ”Krav om jordskifte skal også gjere greie for kva for problem som skal bli løyst” , tenkjer ein lett at paragrafen kunne vore betre disponert. For ”argumentasjon” (gjerne betre motivert) bør kanskje kome etter dei andre momenta?
Alternativ: Slette punktet?
Berre markert
(Omstendeleg, vagt, sjølvsagt?)

**6-8**
Krav om jordskifte skal også gjere greie for kva for problem som skal bli løyst > Krav om jordskifte skal gjere greie for kva for problem ein ønskjer å få løyst.

**6-8**
Kravet skal vise det geografiske område[t] det omfattar [> gjeld]. Det geografiske området bør bli vist [> visast] på eit kart.
Betre: Kravet skal vise det geografiske område[t] det gjeld, helst på eit kart.
Berre markert
(Omstendeleg)

omfattar > gjeld
(Logikk)

**6-8**
Kravet skal gi ei oversikt over dei bevisa som vil bli førde, så langt den som krev sak, har oversikt over bevisa.

> I kravet skal det stå kva bevis som vil bli førde, i den mon den som krev sak, har oversikt over dei.
> (Betre:) Den som krev sak, skal i kravet nemne dei bevisa han/ho veit vil bli førde.
Berre markert
(Omstendeleg)

**6-9**
Vilkår blir i både prøvde (3-4), vurderte (3-4), kontrollerte (6-9) og undersøkte (6-9). Er det det same? I så fall kan overskrifta *Jordskifteretten sin kontroll med vilkåra for sak* heite *Slik prøver jordskifteretten vilkåra for ei sak*. I første ledd heiter det "undersøkje om vilkåra for å behandle saka, er til stades". Er det det same som å prøve vilkåra for å behandle saka?
Berre markert
(Genitiv, substantivisk, omgrepsbruk)

**6-9**
og gi nødvendig rettleiing med opplysing om følgjene av at retting ikkje blir gjort. Dersom manglane ikkje blir avbøta ...
> gi den rettleiinga som trengst, og fortelje kva som skjer om manglane ikkje blir bøtte. Om manglane ikkje blir bøtte ...
(Omstendeleg, substantivisk, uidiomatisk)

**6-10**
andre prosesskriv > ankefråsegn
(Presisering)

**6-11**
Overskrift: sjå *gjennomføre*

**6-11**
Jordskifteretten skal aktivt og planmessig styre saksførebuinga og saka for å oppnå ei rask, prosessøkonomisk og forsvarleg behandling. (6-11)

Merknad: Politikarpreget blir understreka av mellom anna den pleonastiske formuleringa «styre aktivt». Det kan òg sjå ut til å vere fleire nivå av planlegging («planstyrt planlegging» så å seie. Er det ikkje nok å førebu saka skikkeleg – skal førebuinga styrast i tillegg? Heller: «... skal styre førebuinga og førehavinga av saka med sikte på rask avgjerd, forsvarleg saksgang og låge kostnader.» Berre markert.

(Frasar, tautologi; jamfør 1-1, 6-12, 6-15)

**6-11**
Oppstår det tvist, *eller må det bli* halde skjønn under behandlinga av ei sak[,] skal retten planleggje saka *under omsyn til* behandlinga av tvisten eller skjønnet
> Om det kjem opp tvist eller må haldast skjønn medan ei sak er oppe, skal retten ta omsyn til behandlinga av tvisten eller skjønnet i planlegginga av saka
(Krunglete, uidiomatisk)

**6-12**
gi partane slik rettleiing om .. som er nødvendig for at dei skal kunne ... > rettleie partane om ... som dei må kjenne til for å ta ...
(Omstendeleg)

**6-12**
Retten skal søkje å førebyggje feil og skal gi den rettleiing som er nødvendig for at feil skal bli retta opp.
> Retten skal førebyggje feil og gi rettleiing slik at feil blir bøtte.
(Omstendeleg, uidiomatisk)

**6-12**
Jordskifteretten skal gi rettleiing som bidrar til at saka får ei riktig avgjerd ut frå dei faktiske forholda og dei aktuelle reglane. > ... skal gi rettleiing slik at avgjera i saka blir rett.

Merknad: Ein kan gå ut frå at det meste yter bidrag, men det tyngjer språket å seie det eksplisitt. Har òg sletta forhold og reglar. Dersom dette fyrst og fremst handlar om rettleiing, er det berre det uklåre «dei aktuelle forholda» som er nytt (dersom det då tyder noko anna enn det litt meir presise «formelle forhold» i fyrste ledd), og om det handlar mest om avgjerda, det malplassert og så sjølvsagt at ein må undre seg over at det er nemnt.
(Frasar, tautologi, repetisjon; jamfør 1-1, 6-11, 6-15)

**6-13**
Om nokon som skal ha varsel, er fråverande eller busett utanfor kommunen, og tilhaldsstaden til vedkomande ikkje er kjend, eller om vedkomande er busett utanfor riket, kan varsel bli gitt på siste kjende bustaden til vedkomande i riket, eller om denne staden ikkje er kjend, på åstaden.
Merknad: Den som er busett utanfor riket, er nødvendigvis busett utanfor kommunen. Det er ikkje logisk ideelt å setje utanfor riket opp som alternativ til utanfor kommunen (jf. "eller om vedkomande er ..."). Det er heller ikkje logisk at den siste kjende bustaden ikkje er kjend (jf. " siste kjende bustaden ... eller om denne staden ikkje er kjend"). Det står ikkje heilt eksplisitt kva som skal gjerast med dei som er fråverande eller bur utanfor kommunen, men har kjend adressse (men ein kan slutte seg til det). Og det er uklårt kva val som ligg i "kan varsel bli gitt". Dessutan kan nokon kome til å spørje seg om bustad og adresse er det same.
Perioden bør i alle tilfelle delast i meir enn to periodar, gjerne med formuleringa «det same gjeld» i den andre. Ikkje alle problem er løyste nedanfor, men her er i alle fall eit alternativ:
"Alle som har kjend adresse i Noreg, skal få varsel sendt heim til seg. Dei som har flytt ut, kan (=?) få varsel på den siste kjende bustaden i riket. Om adressa er ukjend, skal det varslast på åstaden."?
(Krunglete, omstendeleg)

**6-13**
«varsel som retten finn høveleg» er kanskje ikkje heilt det same som «høveleg varsel»?
Ikkje markert

**6-13**
rekna frå den dagen kunngjeringa står i lysingsbladet > rekna frå kunngjeringa i lysingsbladet
Merk: litt anna aspekt av kunngjering her, men same meining.
(Omstendeleg)

**6-13 og 6-14** sjå Tilvisingsmåte i bolk 1

**6-15**
Retten skal sørgje for at saksavviklinga går føre seg på hensiktsmessig måte, og skjer konsentrert og forsvarleg utan unødig tidsspille for retten, partane, vitne og sakkunnige.
Merknad: At-setning, «på ... måte» og «avvikling ... skjer» er ineffektiv, passiv og substantivisk ordbruk. Dessutan er vel tidsspille per definisjon «unødig», elles er det berre tidsbruk.
Endra til: > «Retten skal syte for føremålstenleg [minst like godt: god] og forsvarleg saksgang med minst mogleg tidsspille for ....»
(Frasar, tautologi, omstendeleg; jamfør 1-1, 6-11, 6-12)

**6-16**

Partane skal sørgje for at saka blir riktig og fullstendig opplyst. Dei skal greie ut om saka og tilby dei bevis[a] dei har. Dei har plikt til å gi forklaringar og bevistilgang.
Merknad: Her står vel det same fleire gonger? Er det ikkje nok med at partane har forklarings- og bevisplikt?
(Sjå elles *Riktig)
Berre markert
(Pleonasme?)

**6-16**

(6-16) Ein part skal også opplyse om viktige bevis parten ikkje har hand om, og som parten ikkje har grunn til *å rekne med at andre partar er kjende med*. > såframt parten ikkje har grunn til å tru at andre veit om bevisa / ... og som vedkomande ikkje har grunn til *å tru at andre veit om*
Berre markert
(Omstendeleg)

**6-17**
med mindre retten finn at gode grunnar talar for utvidingskravet > dersom retten ikkje finn gode grunnar til å utvide saka
(Omstendeleg)

**6-18**
Retten kan ikkje byggje avgjerda på faktiske forhold partane ikkje har hatt grunn til å uttale seg om. Retten må i tilfelle gi partane rettleiing,
Merknad: Her har "i tilfelle" uklår referanse (strengt teke: "kan ikkje"), og "rettleiing" manglar eit logisk objekt i førre setning.
Berre markert. MÅ endrast
(Vagt)

**6-18**
under dette
Spørsmål: Fell det som er oppramsa, eigentleg inn under "behandling i rettsmøte"? Om ikkje må formuleringa "under dette" sløyfast.
Berre markert
(Logikk)

**6-19**
ved slik avgjerd som går fram av
> med ei av avgjerdene som er nemnde i
(Uidiomatisk naken form)

**6-19**
dei reglane som gjeld for > reglane for
(Omstendeleg)

**6-19**
Ved orskurd tek jordskifteretten avgjerd

- a) som avviser ei sak [...] , eller som fremmar saka [...]
- b) når saka (> som hevar ei sak som) [...] blir avslutta utan realitetsavgjerd,
- c) ved tvist om bevis,
- d) som retten etter lova her eller andre lovar skal ta i denne forma.

Ved vedtak tar jordskifteretten avgjerd om saksbehandling som ikkje etter denne eller andre lover krev orskurd.
Ved skjønn tar jordskifteretten avgjerd i sak etter kapittel 5 i lova her.
Merknad: Punkta a-d er språkleg inkongruente (som, når, ved, som). Det bør skrivast om. Særleg uheldig er b, som ikkje nemner kva avgjerda er, nemleg etter det vi kan sjå: heving (etter tvistelova å dømme). Heller ikkje c nemner kva avgjerda er. Det første og dei to siste "ved" har ein annan funksjon enn ved i c (der ved = i). Desse tre kunne kanskje vore skifte ut med "med", om det er meininga. Då ser ein straks at det er tale om måte (ved = med) og ikkje høve (ved = når). Punkt d er dessutan logisk/tematisk inkongruent med a-c og kan sjå ut til å omfatte dei. Kanskje ei anna innleiing er løysinga: I slike tilfelle skal jordskifteretten gjere orskurd: Når ... Når ...
Har sett inn formulering frå tvistelova i b, elles berre markert.
(Inkongruens)

**6-20**
dei vurderingane retten har gjort som ligg til grunn for resultatet > retten si vurdering av saka

(Omstendeleg)

**6-21**
Avseiing og melding om avgjerd > Avseiing av ...
(Grammatikk)
Sjå òg *avseiing*.

**6-21**
ikkje før > først
(Omstendeleg)

**6-21** sjå òg Tilvisingsmåte i bolk 1

**6-24**
Sjå Tilvisingsmåte og Passiv i bolk 2

**6-23**
Skal forliket kunne bli fullbyrda, ser retten til at det blir fastsett oppfyllingsfrist (6-23).
Merknad: Her er det ein klår brest i den modale logikken, men det er uklårt kva som skal stå i staden. For at forliket skal fullførast? Skal forliket fullførast?
Berre markert
(Logisk brest)

**6-24**
og i kva for saker det skal bli vurdert om arealmekling eller rettsmekling skal bli sett i verk (6-24)
> og i kva slags saker ein skal vurdere arealmekling eller rettsmekling
(Omstendeleg)

**6-24**
gjennomføringa av meklinga elles m.m.
Har "m.m." nokon verkeleg funksjon, eller er alt eigentleg sagt?
Berre markert

**6-26**
til etter at jordskiftet har rettskraft
> til jordskiftet er rettskraftig?
Berre markert.
(Omstendeleg)

**6-28**
Kan ein kostnad eller ei yting "få … panterett"?
Berre markert
(Semantikk)

**7-2**
betaler ikkje > skal ikkje betale
(Presisering)

**7-2**
Partane betaler ikkje for ... *løn, skyss- og kostpengar* til retten sitt personale.
> a) ... løn, skysspengar og kostpengar (retta til det i teksten), eventuelt: b) ... løn og skyss- og kostpengar
(Ugrammatisk oppramsing)

**7-3**

For skjønn gjeld > For gebyr ved skjønn gjeld
(Presisering)

**7-3**
Femte og sjette ledd høyrer kanskje saman?
Ikkje markert

**7-4**
... dersom dei får netto nytte i høve til tilhøva før jordskiftet (7-4 )
Merknad: laus og logisk unødvendig formulering. Nytte målt mot stoda før jordskiftet kan vel ikkje tyde noko anna enn «netto nytte av jordskiftet»? Berre markert.
(Pleonasme, omstendeleg)

**7-6**
heilt grunnlaust > grunnlaust (x 2)
Merknad: Eller finst det eit skilje?
(Logikk)

**7-6**
Er kravet om sak for jordskifterett heilt grunnlaust eller det blir trekt tilbake (7-6)
> a) ... grunnlaust, eller blir det trekt tilbake (retta til det) / b) ... grunnlaust eller blir trekt tilbake ...
(Ugrammatisk)

**7-7**
Skal *kostnadene* bli fordelt etter nytte, og *kostnader* berre gjeld nokre eigedommar eller partar, kan *kostnaden* fullt ut bli lagt på dei.
> Om kostnader skal fordelast etter nytte og berre gjeld nokre eigedommar eller partar, kan dei/kostnadene leggjast fullt ut på desse partane??
Berre markert
(Krunglete, uklårt, jf. liknande veksling med "feil" i 8-10)

**7-8**
lagmannsretten gi nødvendige reglar
Merknad: gi reglar eller gjere vedtak?
Berre markert
(Presisjon)

**7-9**
Staten har ansvar etter tvisteloven § 20-12 > Staten har ansvar for sakskostnadene til partane etter reglane i tvisteloven § 20-12
(Presisering)

**7-12**
blir det rekna jamgodt med at han har kalla kravet tilbake
Alternativ: skal ein sjå det slik at han har kalla kravet tilbake

**7-13** sjå òg Tilvisingsmåte i bolk 1

**7-13**
Vederlag for kostnader til sakkunnig hjelp i tvistar blir avgjort (7-13)
Merknad: Gjeld det fordelinga, bør det truleg stå: I tvistar skal kostnader til sakkunnig hjelp fordelast ...
Berre markert
(Uklårt)

**8-2**

- bli sett saman slik det er fastsett i lov > setjast saman etter (reglane i) lov

- Førstelagmannen kan *fastsetje at* ein juridisk dommar *blir erstatta av* ein jordskiftelagdommar.
  > Førstelagmannen kan *setje* ein jordskiftelagdommar *i staden for* ein juridisk dommar
  Berre markert.
- Førstelagmannen skal *ta stilling til om* retten skal bli sett med ein jordskiftelagdommar eller ein juridisk dommar. Førstelagmannen kan fastsetje at retten skal bli sett med både ein jordskiftelagdommar og ein juridisk dommar. Talet på meddommarar skal då vere tre. (8-2).
  > Førstelagmannen skal *avgjere* om retten skal setjast med ein jordskiftelagdommar, ein juridisk dommar eller begge delar. Talet på meddommarar skal i siste tilfelle vere tre.
  Berre markert

(Omstendeleg, uidiomatisk)

**8-3** sjå Tilvisingsmåte i bolk 1

**8-4**
gjere vedtak om (x 2)
> vedta
Merknad: dersom vedtak ikkje står i mogleg motsetnad til andre former for avgjerder (som også kan vedtakast?)
(Omstendeleg, substantivisk)

**8-4**
Gjeld anke dom eller semjedom som gjeld eigedom eller bruksrett for ein som ikkje er godkjent som eigar eller bruksrettshavar i jordskifteområdet, kan anken bli fremma straks.
> Ein anke over ein dom eller semjedom kan fremjast straks om anken gjeld eigedom eller bruksrett for ein som ikkje er godkjend som eigar eller bruksrettshavar i jordskifteområdet.
(Leddfølgje)

**8-5**
Frist ...er ... og følgjer elles tvisteloven > Fristen er ... Elles gjeld reglane i tvisteloven

**8-6**
kva for avgjerd *som* det blir anka over
> kva for avgjerd det blir anka over
(Omstendeleg)

**8-8**
Krav om jordskiftesak eller om rettsutgreiing eller grensesak (8-8) > Krav om jordskiftesak, rettsutgreiing eller grensesak.
Berre markert
(Omstendeleg oppramsing, ugrammatisk?)

**8-9**
Kan endringa valde tap for nokon part, kan han krevje ein frist på opptil ei veke for å setje fram krav om å få ankesaka utvida så langt det trengst for å avgjere om jordskifteavgjerda på andre punkt bør bli endra til fordel for han.
Merknad: Så mange ledd at lekfolk lett vil misse tråden. Dessutan ser to poeng ut til å vera slått saman til eitt. Bør delast i to, kanskje med kravet og fristen i kvar sin del. Tyder det noko slikt?:
Kan endringa valde tap for nokon part, kan han be om å få ankesaka utvida for å krevje andre endringar i jordskifteavgjerda for å vege opp for tapet. Han kan krevje ein frist på opptil ei veke for å setje fram kravet.
Ikkje markert
(Omstendeleg)

**8-10**

Gjeld **feilen** det tekniske grunnlaget for avgjerda i jordskifteretten, og han har noko *vidare* å seie for resultatet, skal **feilen** bli retta. / Finn dommaren at **slik feil** har hatt innverknad på avgjerda og dommaren ikkje sjølv rettar **feila**, skal han gi jordskifteretten pålegg om å rette **feila** og gjere om jordskifteavgjerda i den grad rettinga gjer dette nødvendig. [...] Kjem lagmannsretten sjølv over **slike feil**, skal dei bli retta om dei har noko *vidare* å seie.
Merknader:

- Vekslinga mellom feil, feilen og feila er fjerna: > feilen – feilen – ein slik feil – feilen – feilen – slike feil
- Større problem: Paragrafen viser til "feilen" i første punktum utan å ha introdusert han eksplisitt.
- Endå større problem: Første ledd har slått fast at "slik feil" tyder feil *med vidare innverknad* ("som har noko vidare å seie for resultatet"). Likevel gjer andre ledd dette til eit ope spørsmål att: "Finn dommaren at ein slik feil [som altså har påverka resultatet] har hatt innverknad på avgjerda ...". Dette ser for ein lekmann ut som ei sirkelslutning. I fjerde ledd kjem det same endå ein gong formulert med det lause "noko vidare å seie": "slike feil" (altså feil med innverknad) skal rettast "om dei har noko vidare å seie".
- "Merkande innverknad" (1979) er endra til det lause og vel kvardagslege "ha noko vidare å seie" (ifølgje kven?). Eit kompromiss kan vera "nemnande innverknad", men perspektivproblemet er det same. "Merkande" verkar fastare og gjev meir inntrykk av rettstryggleik. Dei tre variantane "Noko vidare å seie for resultatet = ha innverknad på avgjerda = ha noko vidare å seie" kan truleg reduserast til dette eine: "Merkande innverknad på avgjerda", og det er nok å nemne det ein gong. (Har i første omgang endra begge delar til "nemnande", som i det minste er meir idiomatisk.)

Det meste er berre markert. Framlegg til endra formulering:
*Om feilen gjeld det tekniske grunnlaget for jordskiftet og har hatt merkande innverknad på avgjerda, skal han rettast. / Om dommaren finn ein slik feil, skal han rette feilen eller la jordskifteretten rette han og endre avgjerda i den mon rettinga krev det. [...] Kjem lagmannsretten sjølv over slike feil, skal dei òg rettast.*
(Omstendeleg, tautologi, inkongruens)

**8-10**
Er saka anka til lagmannsretten på anna grunnlag, og slik anke blir fremma ...
Dette er altså to ulike prosessar? Kan vera forvirrande for lekfolk.
Ikkje markert

**8-15**
på ein slik måte at (8-15, frå 1979)
> slik at
(Omstendeleg)

**8-15**
dersom føresetnadene som er lagde til grunn for jordskifteavgjerda, blir endra
dersom føresetnadene for skiftet endrar seg
Merknad: 1) Ein føresetnad er ein føresetnad, og "tilgrunnlegginga" er både metaforisk skakk og logisk smør på flesk. 2) 1979 har "skiftet" i staden for det redundante "jordskifteavgjerda". 3) "Blir endra" impliserer meir eller mindre at nokon endrar noko. Er ikkje det meir generelle "endrar seg" betre?
(Omstendeleg; logikk)
<u>Berre markert.</u>

**9-2**
Heile perioden bør snuast eller delast opp. Framlegg: avslutt med "dette gjeld til dømes ...".
<u>Ikkje markert.</u>

**9-3**
Så langt det trengst av omsyn til den saka som ligg føre (9-4)
Merknad: Bør kunne uttrykkjast meir konsist. Tyder vel i praksis «Om saka krev det»?
<u>Berre markert.</u>
(Omstendeleg)

**9-5**

Det offentlege påtalar ikkje slike brot utan etter krav frå vedkomande jordskiftedommar eller nokon skadelidande part > ... eller ein ...
Merknad: "nokon" er ugrammatisk. Nokon må i 1979 ha sett seg blind på "utan" og oppfatta syntaksen feil?